



HØGSKULEN I VOLDA

Rapport og planar (2010-2011)

Innhald

1. INNLEIING	2
STYRETS VURDERING AV EIGE ARBEID	2
STRATEGIPLAN	2
UTFORDRINGAR OG SENTRALE RISIKOVURDERINGAR	4
2. RESULTATRAPPORTERING FOR 2010	6
<i>Sektormål 1 - utdanning</i>	6
<i>Sektormål 2 - forskning</i>	12
<i>Sektormål 3 - formidling</i>	15
<i>Sektormål 4 - organisering</i>	22
3. PLANAR FOR 2011	30
3.1 PLAN FOR VERKSEMDA I 2011	30
<i>Nye studieplassar</i>	30
<i>Utfordringar knytt til oppretting av nye studieplassar</i>	30
<i>Sektormål 1 - utdanning</i>	31
<i>Sektormål 2 - forskning</i>	35
<i>Sektormål 3 - formidling</i>	37
<i>Sektormål 4 - organisering</i>	42
3.2 PLAN FOR TILDELT LØYVING 2011	46
VEDLEGG	50

1. Innleiing

Kapittel 1 omhandlar det som vi ser på som dei største utfordringane våre og ei oppsummering av strategiane våre. Dette kapitlet har eit meir langsiktig perspektiv enn dei to andre kapitla. Kapittel 2 er resultatrapport for 2010 og kapittel 3 er planar for 2011.

Under utfordringar i kapittel 1 vurderer vi dei sentrale risikoane våre, medan vi i kapittel 3 er meir konkrete i risikovurderingane, men vi konsentrerer oss likevel om dei risikoane vi meiner er dei mest sentrale, og vi har relatert dei til aktuelle verksemdmål.

Det har vore halde 7 styremøte i 2010, og det har vore arrangert eitt styreseminar der det sentrale temaet var strategiplan og rekruttering.

Høgskulen i Volda (HVO) har fire avdelingar, og i dokumentet er forkortingane nytta:

AKF - Avdeling for kulturfag

ASH - Avdeling for samfunnsfag og historie

AMF - Avdeling for mediefag

AHL - Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning

Styrets vurdering av eige arbeid

Styret er godt nøgd med møteleiing, saksførebuing, forslag til vedtak, iverksetting og rapportering. I dei aller fleste saker forhandlar styret seg fram til samrøystes vedtak. I tillegg til vanlege saker blir strategiske saker drøfta på styreseminar og på møte før vedtak skal fattast. Ein arbeider seg fram til vedtak ein kan samle seg om etter grundige prosessar.

Styret fungerer godt som eit kollegium, med utfyllande samspel mellom interne og eksterne medlemmer. Spesielt eksterne styremedlemmer meiner at for ein del mindre kompliserte saker bør det vere tilstrekkeleg med administrasjonen si saksutgreiing, utan alle vedlegga som følgjer med.

Styremedlemmene uttrykker at dei opplever at styret har komplementær kompetanse. Det kan innimellom vere krevjande å skilje ut dei overordna perspektiva i detaljerte interne fagsyn, men som hovudsak så fungerer det. Spesielt studentar peikar på at det trengs ei "skolering" av nye styremedlemmer, eventuelt berre for studentrepresentantane. Dette blir gjort når nytt styre blir konstituert, men blir nok forsømt for nye medlemmer undervegs. Dette vil vi prøve å rette på. Møte med dei ulike avdelingane har vore opplevd som positivt, og styret ønskjer at det vert gjennomført fleire rundar med orienteringar frå avdelingane.

Strategiplan

Visjon

Kunnskap for framtida

Verdiar

Høgskulen i Volda (HVO) skal halde høgt verdiar som tillit, respekt, openheit og ærleg framferd. HVO skal vere ein inkluderande, kritisk og uavhengig institusjon.

Samfunnsoppdraget

Utdanning, forskning, formidling og utvikling.

I 2020 skal Høgskulen i Volda vere...

- ein institusjon som gir profesjonsutdanningar på BA- og MA-nivå for skule og barnehage, velferd, media og kultur
- ein institusjon som byggjer på det fremste innanfor forskning, utviklingsarbeid og erfaringskunnskap
- nasjonalt leiande innanfor yrkesretta medieutdanning og anvendt medieforskning
- ein institusjon med eit særleg ansvar for nynorsk i fag- og profesjonsutdanning
- ei drivande kraft i livslang læring prega av pedagogisk innovasjon for læring i eit digitalt samfunn
- aktivt samarbeidande med andre institusjonar i inn- og utland
- ein viktig samarbeidspartnar i regional utvikling
- ein institusjon med eit levande, attraktivt og godt studiemiljø og med tett kontakt mellom lærar og student og mellom studentar

Utdanning og studiemiljø

- Utdanningane ved HVO skal utvikle kunnskap, samfunns- og kulturforståing, evne til kritisk refleksjon og kvalifisere til arbeid i eit fleirkulturelt samfunn
- HVO skal byggje verksemda si på profesjonsretta grunnutdanningar av høg kvalitet
- HVO skal utvikle fleksible femårige utdanningsløp med utgangspunkt i BA-utdanningane
- HVO skal leggje til rette for og stimulere til livslang læring i nært samspel mellom utdanning og arbeidsliv, forskning og utviklingsarbeid
- HVO skal oppretthalde og utvikle eit godt, inkluderande og oversiktleg studiemiljø i nært samarbeid med studentorganisasjonar, studentsamskipnad og lokalsamfunnet
- HVO skal styrkje det internasjonale tilbodet i utdanningane både i omfang og kvalitet
- HVO skal ha høg kvalitet i samlingsbasert og nettbasert utdanning

Forskning og utviklingsarbeid

- HVO skal drive forskning og utviklingsarbeid på høgt nivå
- HVO skal stimulere til tverrfagleg forskings- og utviklingsarbeid
- FoU-arbeidet skal gi utdanningane eit solid grunnlag og medverke til regional og nasjonal utvikling
- HVO skal gi studentar innsikt i og erfaring med FoU-arbeid
- HVO skal organisere forskingsinnsats i større, integrerte FoU-miljø og program med tydeleg leiing
- HVO skal samarbeide aktivt i nettverksorganiserte kvalifiseringsprogram og forskarskular

Samfunnsoppdrag og kunnskapsdeling

- HVO skal vere ei kunnskapsbasert og kritisk røyst i samfunns- og utdanningsdebatten
- HVO skal samarbeide aktivt med offentlege verksemder og næringsliv
- HVO skal stimulere til kunnskapsdeling og dialog knytt til høgskulen si utdannings-, utviklings- og forskingsverksemd
- HVO skal styrkje den regionale og nasjonale rolla som kunnskapsaktør og utviklar av kompetanse

Organisering, personalpolitikk og administrasjon

- HVO skal satse sterkt på aktiv rekruttering og kompetanseheving av medarbeidarar
- HVO skal til kvar tid ha ein oppdatert og velfungerande infrastruktur

- HVO skal gjennom eigen personalpolitikk medverke til eit godt arbeidsmiljø og eit mindre kjønnsdelt arbeidsliv
- HVO skal ha ein målretta seniorpolitikk

Samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon

- HVO skal samarbeide med leiande fagmiljø nasjonalt og internasjonalt for å fremje kvalitet i undervisning, forskning, utviklingsarbeid og administrasjon
- HVO skal samarbeide med andre utdanningsinstitusjonar med sikte på arbeidsdeling og konsentrasjon for å tryggje høgskulen si framtid og regionen sitt framtidige kompetansebehov.

Tiltak i perioden 2011 til 2014

- Etablere masterstudium på AMF
- Etablere femårig grunnskulelærerutdanning på masternivå
- Etablere treårig kulturskulelærerutdanning
- Satse sterkare på kompetansebygging og forskning knytt til førskulelærerutdanninga
- Satse sterkare på kompetansebygging og rekruttering av fagfolk
- Organisere forskingsinnsats i større integrerte program med nasjonale og internasjonale nettverk
- Etablere forskarskular i samarbeid med UH-nett Vest
- Styrkje det internasjonale tilbodet i utdanningane ved å tilby undervisning og pensum på engelsk i utvalde program/emne.
- Utvikle det faglege og organisatoriske samarbeidet innan UH-nett Vest, Mørealliansen og andre relevante fagmiljø nasjonalt og internasjonalt

Utfordringar og sentrale risikovurderingar

Rekruttering av studentar

Utviklinga i 2010 viste ein fin auke i søkinga til profesjonsutdanningane, men vi er framleis ikkje nøgde med talet på søkjarar. Resultata for kandidatproduksjonen viser samla ein liten oppgang, oppgangen gjeld først og fremst allmennlærerutdanninga og førskulelærerutdanninga. Vi har for stort fråfall undervegs i studiet på nokre utdanningar. Difor meiner vi at den største utfordringa for Høgskulen i Volda framleis er å rekruttere tilstrekkeleg med gode studentar til dei fleste profesjonsutdanningane. No når lærerutdanninga er lagt om, er det viktig å auke rekrutteringa monaleg for at vi skal kunne gje eit godt utdanningstilbod. Med unntak av medieutdanningane er våre studium profilerte mot offentleg verksemd og spesielt kommunal verksemd. Storparten av studentane ved desse utdanningane er frå regionen og vi utdannar til arbeid i regionen.

Den manglande nasjonale og regionale rekrutteringa av studentar til velferdsstatens yrker er ei stor utfordring for regionen og for høgskulen. Til dømes utdanna Høgskulen i Volda 113 lærarar i 2010 (allmenn og PPU), medan behovet i den nære regionen vil vere nærare 500 i året dei komande 10 åra. Høgskulen i Volda vil arbeide systematisk for å auke rekrutteringa til profesjonsutdanningane.

Rekruttering og kvalifisering av tilsette

Høgskulen i Volda har ein fagstab på 200 på heiltid og deltid. På grunn av aldersstrukturen må minst 1/3 av staben fornyast dei komande 10 åra. Spesielt er det ei utfordring å rekruttere nye medarbeidarar med høge kvalifikasjonar, dei fleste av våre professorar og dosentar har vi kvalifisert sjølve. Manglande toppkompetanse kan bli ein flaskehals for fagleg utvikling. Høgskulen i Volda vil satse på å rekruttere nye medarbeidarar, og gjennom stipendiatprogram, forskingsprogram,

førstelektorutdanningar, kvalifiseringsmidlar og forskings- og utviklingsprosjekt vil vi vidareutdanne og kvalifisere eigne medarbeidarar.

Forskning og utviklingsarbeid

Høgskulen i Volda har halde oppe ei høg forskings- og publiseringserksemnd også i 2010, men fleire medarbeidarar burde ta del i denne verksemda. Dette krev:

- tydelegare profilering av forskingsverksemda og konsentrasjon av FoU-ressursar på utvalde område i utvalde periodar
- betre forskingsleiing på operativt nivå – arbeide fram gode prosjektsøknader, drive kollegarettleiing og interne forskingsseminar
- betre gjennomstrøyming av doktorgradskandidatar
- rekruttering av nye fagtilsette på toppnivå
- kontinuerleg kompetanseheving på alle nivå
- at vi utnyttar eigarskapet til og samarbeidet med Møreforskning til å utvikle felles forskingssatsingar

Samarbeid

Den største samarbeidsutfordringa i tida framover er å utvikle eit godt samarbeid gjennom UH-nett Vest om dei nye grunnskulelærerutdanningane. Vi ser også samarbeidsutfordringar når det gjeld å få til forskarskular i nettverk.

Geografisk plassering

Vi har ei utfordring i å overbevise dei sentrale styresmaktene om at høgskular i distrikta også har ei framtid. Vi bør framheve og arbeide vidare med dei sterke sidene våre som nettopp kjem av den plasseringa vi har:

- Studiemiljøet ved Høgskulen i Volda har eit godt rykte. Den intime atmosfæren, dei korte avstandane og den tette koplinga mellom høgskulen og kulturbygda Volda, gjer at mange finn seg godt til rette – til dømes er 80 % av journaliststudentane frå andre delar av landet.
- Vi har bygd ut eit stort spekter av nettilbod og andre fleksible utdanningstilbod i samarbeid med regionen og det regionale næringslivet.

Med betra vegsamband har vi fått utvida det regionale nærområdet vårt til over 70 000 innbyggjarar innanfor ein time reisetid, ei befolkning av same storleik som i nærområdet til Bodø.

2. Resultatrapportering for 2010

Sektormål 1 - utdanning

Høgskulane skal tilby utdanning av høg internasjonal kvalitet som er basert på det fremste innan forskning, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid og erfaringskunnskap.

Verksemdmål 1.1 (KD): Høgskulen i Volda skal utdanne kandidatar med høg kompetanse og med relevans for behova i samfunnet.

Resultatmål:

- **Høgskulen i Volda skal ha minst 1400 primærstøkkjarar i samordna opptak**

Vi fekk 1187 primærstøkkjarar i hovudopptaket i år. Det er langt under målet vårt. Vi har likevel gjort eit godt opptak, takka vere restetorget der vi fekk mange støkkjarar. Vi har fått ein auke i talet på støkkjarar på våre bachelorutdanningar og på dei nye lærarutdanningane samanlikna med allmennlærarutdanninga i 2009. Vi har til saman 84 fleire registrerte studentar på desse utdanningane.

- **Høgskulen i Volda skal utdanne minst 260 bachelorkandidatar**

Vi har i 2010 utdanna 288 bachelorkandidatar og dermed nådd målet vårt.

- **Høgskulen i Volda skal utdanne minst 35 masterkandidatar**

I 2010 utdanna vi 30 masterkandidatar. Det er eit etterslep av kandidatar på nokre mastergrader og vi reknar med fleire vil fullføre graden i 2011.

- **Høgskulen i Volda skal utdanne minst 60 allmennlærarkandidatar og 50 PPU-kandidatar**

I 2010 utdanna vi 64 allmennlærarkandidatar og 44 PPU-kandidatar. Vi har ikkje nådd målet for PPU.

- **Høgskulen i Volda skal vidareutvikle fleksible utdanningstilbod – spesielt innan profesjonsutdanningane og vidareutdanningar retta mot lærarar**

Vi har utvikla både vidareutdanningar med samlingar og kombinerte etter- og vidareutdanningstilbod med oppdragsfinansiering. Eksempel på vidareutdanningar er Norsk 2, Skuleretta samfunnsfag, Norsk (nordisk) årsstudium, Mentorutdanning (15 + 15 stp) og Elevvurdering (15 stp). Dette er emne med mange studentar og høg gjennomføringsgrad. Eksempel på kombinerte opplegg med oppdragsfinansierte etter- og vidareutdanningar er Engelsk 30 stp, Naturfag 15 stp og Matematikk (Nordre Sunnmøre) 15 stp.

- **Høgskulen i Volda skal ta opp 100 studentar til dei nye grunnskulelærarutdanningane (GLU), 60 til 1-7 og 40 til 5-10**

Vi har ikkje nådd målet for opptak til GLU 1-7. Vi tok opp 27 studentar til GLU 1-7. Vi har overoppfylt målet for GLU 5-10 og har no 50 studentar.

- **Høgskulen i Volda skal gjennomføre eit eige prosjekt for å rekruttere støkkjarar til dei nye lærarutdanningane**

På oppdrag for høgskulestyret gjennomførte informasjonskontoret i samarbeid med kommunikasjonsbyrået I&M i Ålesund ein kampanje for dei nye grunnskulelærarutdanningane (GLU) i Volda. Den berande bodskapsstrategien for kampanjen vart: Grunnskulelærarutdanningane i

Volda og det gode studentmiljøet gir ein medvind – ei bølge av energi, kompetanse, positive opplevingar, venskap og minne – som fører kvar einskild student vidare i livet med stor kraft. Sentrale tiltak var rekrutteringsteam i dei vidaregåande skulane og folkehøgskulane i Møre og Romsdal, annonsar i Møre og Romsdal og sentrale delar av Austlandet, eiga nettside, pressemeldingar, e-post-utsendingar gjennom russ.no og Draumehelga. Dei som vann draumehelga var 15 unge menneske som vi inviterte til Volda, fem av desse frå Austlandet. Helga vart ein suksess med mange fornøgde gjester og mange fine medieoppslag. Vi fekk ikkje fleire førsteprioritets-søkjjarar, men talet på registrerte studentar på GLU har auka med ni i høve LU 2009. Studentane som tok til på GLU i Volda hausten 2010 er rekrutterte frå eit større geografisk område (frå ni fylke) samanlikna med studentane som byrja på ALU i 2009 (frå seks fylke).

- **Høgskulen i Volda skal gjennomføre eit eige prosjekt for å auke rekrutteringa til sosialarbeidarutdanningane**

Kampanjen vart spissa inn mot førstegangsstuderande i Møre og Romsdal, Hordaland og Oslo. Sentrale element i budskapsstrategien var å spele på positive verdiar og kjensler rundt det å arbeide med menneske samt framheve kvalitetar ved studiestaden Volda. Denne kampanjen var nyskapande i den forstand at ein i større grad enn før prøvde ut sosiale medium som kanal. Sentrale tiltak: Studentar på yrkesorienteringar og messer, annonser i aviser, magasin og på internett, radioreklame på Spotify, pressemeldingar, kjøp av plass på informasjonsskjermer på bussterminalar og ferjer, eigne vevsider, bruk av Facebook, utsending av informasjonfaldar med meir. Vi fekk ikkje fleire førsteprioritetar, men ein fin auke (+30 til saman) i talet på registrerte studentar.

- **Høgskulen i Volda skal fortløpande vurdere situasjonen for dei praktiske og estetiske faga i samband med innføringa av ny lærarutdanning, og vurdere trongen for tiltak som sikrar god fagutdanning i desse faga i tida framover**

Fagmiljøa knytte til praktiske og estetiske fag på høgskulane rundt om i landet er svært urolige for utviklinga med omsyn til manglande satsing på desse faga i den nye lærarutdanninga. Nettverk for estetiske fag, fagseksjonar i UH-nett Vest og fleire dekanar har tatt kontakt i høve dette. HVO bør vurdere kva tiltak som skal setjast i verk for å møte denne utfordringa, dersom høgskulen sin strategi framleis skal innebere at ein vil skilje seg ut på dette feltet. Situasjonen for desse faga er svekt i den nye lærarutdanninga. Men i GLU 1-7 første kull er "Kunst og handverk" valfag for 8 studentar. Kunst og handverk kan og vere eit val i det fjerde året.

Kommentarar:

Høgskulen i Volda har hatt eit godt opptak hausten 2010 sjølv om vi ikkje nådde målet om ein auke i talet på førsteprioritets-søkjjarar i Samordna opptak. Forklaringa på det gode opptaket er større tilslag både på lokalopptaket og på Restetorget. Lokalopptaket blir stadig viktigare for oss. Det kan også sjå ut til at det er ein nasjonal trend at stadig fleire søker på Restetorget då dei kan få tilbod på alle søknadsalternativa sine dersom dei er kvalifiserte. Det kan også sjå ut til at det dukkar opp stadig fleire søkjjarar på Restetorget som ikkje søkte innan fristen på Samordna opptak. Vi bør difor endre på resultatmålet for opptaket.

Det viktige for oss er likevel at vi har lukkast å få fleire studentar på bachelorutdanningane våre. Det betyr fleire studentar på campus (i Volda), noko som bidreg til å skape gode studiemiljø og stabilitet.

Vi nådde ikkje opptaksmålet for den nye lærarutdanninga. Men vi har ein god auke samanlikna med i fjor. Vi fekk også ein anna fordeling mellom 1-7 og 5-10 enn det som var målet. Vi fekk ikkje fylt opp studieplassane på 1-7. Her deler vi skjebne med dei andre høgskulane i distrikta. Dersom vi ikkje betrar opptaket på 1-7, kan det verte stor mangel på lærarar i barneskulen i nær framtid.

Styringsparameter	Resultat				Ambisjonsnivå	Resultat
	2006	2007	2008	2009	2010	2010
Talet på primærøkjjarar per studieplass	1,3	1,2	1,3	1,3	1,3	1,3
Talet på studietilbod i samarbeid med andre institusjonar	2	2	1	5	5	5
Uteksaminerte kandidatar på bachelorprogram	173	198	259	245	260	288
Uteksaminerte masterkandidatar	22	24	38	29	35	30
Uteksaminerte allmennlærarkandidatar	91	90	53	53	60	64
Uteksaminerte PPU-kandidatar	112	60	51	69	50	44
Primærøkjjarar i samordna opptak *		1 161	1 270	1 312	1 400	1 187
Registrerte heiltdsstudentar		2 329	2 398	2 468	2 600	2 654

*Stadig fleire søker berre via Restetorget, sjå kommentar over

Verksemdmål 1.2 (KD): Høgskulen i Volda skal tilby eit godt læringsmiljø med undervisnings- og vurderingsformer som sikrar fagleg innhald, læringsutbytte og god gjennomstrøyming.

Resultatmål:

- **Høgskulen i Volda skal halde fram med implementeringa av kvalifikasjonsrammeverket i studieplanarbeidet**

Det er stor aktivitet rundt implementering av kvalifikasjonsrammeverket. Strategisk studienemnd er ansvarleg for å følgje implementeringa og kommentere dei reviderte studieplanane. Retningslinjer og malar for studieprogram og emnestruktur er utvikla og godkjende i strategisk studienemnd. Det er halde fleire seminar for programansvarlege, instituttleiarar og for fag- og administrativt tilsette. 1. februar 2011 var alle studieprogram og emneplanar reviderte i tråd med kvalifikasjonsrammeverket.

- **Høgskulen i Volda skal revidere kvalitetssystemet i 2010. Revideringa blir organisert som eit prosjekt**

Prosjektet er gjennomført og styret har vedtatt revidert kvalitetssystem.

- **Høgskulen i Volda skal stimulere til god dialog mellom tilsette og studentar om innhald og kvalitet i studietilboda. Studenttinget skal få timeplanfesta tid til informasjonsarbeid om studentdemokratiet**

Vi har framleis ei fellesutfordring med å få på plass tillitsvalde studentar tidsnok og å finne ut om ein skal ha tillitsvalde studentar på studieprogram, kull eller emnenivå. HVO har ein komplisert studieprogramstruktur som gjer det vanskeleg å få ein fellesstruktur på tillitsvaldapparatet.

- **Høgskulen i Volda skal informere om kvalitetsarbeid og gi betre informasjon om temaet på nettsidene**

Gjennomgangen av kvalitetssystemet og den påfølgande revisjonen har ført til auka fokus på kvalitetsarbeid og utfordringane knytt til dette. Informasjon på nettsidene blir revidert etter styrehandsaming av kvalitetssystemet.

- **Høgskulen i Volda skal kople arbeidet med implementering av kvalifikasjonsrammeverket mot arbeidet med kvaliteten i studieprogramma**

Dette er ein del av prosjektet i punktet ovanfor.

- **Strategisk studienemnd skal arrangere ein fagdag om dei obligatoriske elementa i undervisning**
Fagdagen er gjennomført. Det var stort engasjement blant studentane. Dei vart oppmoda om å gi innspel om obligatorisk frammøte i undervisninga.

- **Høgskulen i Volda skal liggje på nasjonalt gjennomsnittsnivå når det gjeld studiepoengsproduksjon pr heiltidsstudent**

Data ligg ikkje føre enno.

- **Høgskulen i Volda skal gjennomføre brukarundersøkingar om studentvelferd, studiestart i 2010 og programevalueringar**

HVO har gjennomført programevaluering av musikk bachelor, norsk/nordisk årsstudium og skuleretta samfunnsfag årsstudium. Undersøkinga om studentvelferd er utsett til 2011 fordi det kom mange undersøkingar samtidig og ein vil unngå evalueringstrøtte studentar.

- **Høgskulen i Volda skal revidere handlingsplanen for inkluderande læringsmiljø i 2010**

Ansvar for oppfølging og realisering av handlingsplanen sine delmål ligg i dei ulike einingane, både administrative og faglege. Fleire av delmåla er innfridde og planen skal rullerast. Einingane fekk frist om tilbakemelding innan utgangen av året. Revidert plan vert lagt fram for styret våren 2011. Læringsmiljøutvalet (LMU) ser handlingsplanen som sitt viktigaste arbeidsdokument og understrekar den viktige rolla utvalet har som pådrivar.

- **Høgskulen i Volda skal lage eit prøveprosjekt knytt til podcasting av undervisninga for utvalde fag**

Podcast er publisering av lyd og bilete, eller berre lyd på internett. På veg mot universell utforming av læringsmiljø representerer podcast ein viktig reiskap for studentar med ulike hjelpebehov. Eit prøveprosjekt skal setjast i verk på Institutt for planlegging, administrasjon og samfunnsfag. IT-kontoret kjøper inn og installerar software og mikrofonar. Studieadministrasjonen gjer naudsynnte avtalar med fagmiljøet og avdelinga/instituttet legg til rette for fagleg iverksetjing og evaluering. Læringsmiljøutvalet ved høgskulen har prioritert denne saka.

Kommentarar:

Det blir arbeid godt med å følgje opp alle resultatmåla under 1.2.

Styringsparameter	Resultat				Ambisjonsnivå	Resultat
	2006	2007	2008	2009	2010	2010
Nye studiepoeng per eigenfinansiert heiltidsstudent per år	51	50	50	50	50	47
Studentar per undervisningsforskningsstilling og formidlingsstilling	18,0	17,0	17,5	16,2	16,0	16,8
Gjennomføring i høve avtalt utdanningsplan i prosent	80,9	84,6	85,6	84,5	85	85,4

Vi kjem i mål med det meste. Også arbeidet med kvalifikasjonsrammeverket går bra. Føremålet med kvalifikasjonsrammeverket er ein systematisk omtale av nivåa i utdanningssystemet med vekt på læringsutbytte og sluttkompetanse. Dette er eit stort og krevjande arbeid som er ein del av Bolognaprosessen. Vi har ein del prinsipielle diskusjonar om verdien av eit slikt rammeverk, og det har vore ei utfordring å skape oppslutning i fagmiljøa.

Verksemdmål 1.3 (KD): Høgskulen i Volda skal ha eit omfattande internasjonalt utdanningssamarbeid som har høg kvalitet, og som medverkar til auka utdanningskvalitet.

Resultatmål:

- **Høgskulen i Volda skal gjennomføre dei to IP-prosjekta (Intensive Projects – Life Long Learning Programme) i 2010 på ein god måte og søke om eit 3. prosjektår innan 15.03.2010**

HVO har gjennomført dei to IP-prosjekta "Acting for animation" og "Arts in education" på ein god måte studieåret 2009/2010. Evalueringane er samstemt positive og vi har fått løyving til å køyre begge IP-ane studieåret 2010/2011 også.

- **Høgskulen i Volda skal oppretthalde minst same aktivitet når det gjeld utvekslingsstudentar som i 2009 og satse ekstra på Erasmus mobilitet**

Talet på inn- og utreisande over tre månader er 168. Dette er lågare enn vi rekna med, men skuldast rett og slett at 34 av dei studentane som drog ut/kom inn haustsemesteret 2010 ønskte å forlenge studieopphaldet med eitt semester. Dermed kan vi ikkje telje desse studentane med før til våren. Reelt sett har vi ein auke, men den kjem ikkje før i 2011. Vi har også eit stort tal studentar som dreg ut på kortare opphald frå 1-2 veker opp til 8 veker, men desse blir diverre ikkje registrerte i offisiell statistikk.

- **Høgskulen i Volda skal i løpet av 2010 ha 10 engelskspråklege tilbod både vår og haust**
Hausten 2010 har vi 7 emne på engelsk (utanom emne til Engelsk institutt) og våren 2011 har vi 9 emne. Det er viktig at vi dimensjonerer talet på emne i forhold til etterspurnaden.

- **Høgskulen i Volda skal halde fram arbeidet med å kvalitetssikre avtalar og studieplanar med sikte på å optimalisere tidspunkt og studieinnhald ved utanlandsopphald på internasjonale lærestader**

Internasjonalt kontor har i vår/haust gått gjennom alle avtalane vi har med utanlandske lærestadar, sanert dei som ikkje har fungert og oppdatert og vidareført dei andre. Vi har om lag 140 partnarar over heile verda, og vi arbeider no for å konsolidere dei avtalane vi har heller enn å få mange nye. Unntak er Storbritannia, Nord-Amerika og Canada der vi arbeider med å få fleire avtaler.

- **Høgskulen i Volda skal leggje til rette for å innarbeide internasjonal aktivitet i undervisningsplanane**

Internasjonalisering er ei særleg utfordring i FLU og GLU/ALU, mellom anna på grunn av obligatorisk undervisning og emne som går over fleire semester. FLU har forsøkt å leggje til rette for utanlandsopphald i emnet PEDSAM i 3. året, mellom 5 og 10 studentar har nytta seg av dette. GLU har starta arbeidet med å vurdere kvar i utdanninga studentutvekslingar, internasjonale semester e.l. kan leggest.

- **Høgskulen i Volda skal stimulere studentar og nyutdanna lærarar til å søkje støtte frå Comenius-programmet**

Studieleiar FLU orienterer studentane om Comenius-programmet i felles orienterings/rettleiingstimar ("studieleiartimar"). Praksiskoordinator ALU orienterer sisteårsstudentane.

Kommentarar:

HVO er i tet mellom høgskulane når det gjeld studentmobilitet. Vi tek imot ei stadig aukande gruppe Erasmus/EEA-studentar frå Europa og vi jobbar aktivt for å kunne ta imot m.a. amerikanske studentar. Mange av Erasmus/EEA-studentane blir i Volda i to semester, og nokre held fram med NUS og masterprogram hos oss. Vi kan berre telje dei ein gong, noko som gjer at talet på både ut- og innreisande er høgere enn det statistikken seier. utfordringa når det gjeld mobilitet inn er å få på plass fleire attraktive emne på engelsk og på sikt helst også ein master på engelsk. Det er ei stor utfordring å kunne rettleie utreisande studentar på ein effektiv og god måte, noko som heng tett saman med behovet for at fleire fagpersonar dreg ut og blir betre kjende med våre partnerinstitusjonar. På den måten kan vi både kvalitetssikre dei studietilboda vi sender studentane våre ut til og gi dei betre råd og rettleiing.

Pangaia fungerer strålande for dei innreisande studentane, men vi har ei utfordring når det gjeld integrering med norske studentar. Dette blir det jobba aktivt med, både ved Internasjonalt kontor og hos STIV. Vi har for tida ein trainee frå Ungarn i Pangaia (også masterstudent ved HVO) og fire studentar på Erasmus praksisplass. Internasjonalt kontor har to heile stillingar, og faglege internasjonale koordinatorar i 20 % på kvar avdeling. Arbeidsmengda er stor og kontoret er lågt bemanna i høve aktivitetane.

HVO har sett av eigne satsingsmidlar som stimulans til å utvikle nye studietilbod på engelsk og til kursing i engelsk av så vel administrativt som fagleg tilsette. Likevel ser vi at vi ikkje er i mål når det gjeld talet på tilbud på engelsk. utfordringa er å ha eit tett og godt fagleg samarbeid og det er i den samanheng viktig med partnerbesøk i samband med internasjonale dagar og elles stimulere tilsette til å dra ut. Vi har lansert ein ide om at kvart bachelor- og masterprogram bør peike ut fem partnerar kvar som dei konsentrerer seg spesielt om og gå i djupna på.

Internasjonalisering er viktig, men det er usikkert kor stor plass dette får i den enkelte arbeidstakers arbeidsplan. Det er viktig at leiinga signaliserer at internasjonalisering er noko vi skal ta på alvor og jobbe med for å bli enda betre på, ta imot fleire internasjonale studentar og tilsette, og arbeide mot felles samarbeids- og FoU prosjekt. Skal ein verkeleg få sett internasjonalisering på dagsorden må fleire involverast i arbeidet og få avsett tid til å jobbe med internasjonale utfordringar.

Styringsparameter	Resultat				Ambisjonsnivå	Resultat
	2006	2007	2008	2009	2010	2010
Talet på utvekslingsstudentar (ut/innreisande)	200	213	172	179	200	168
Talet på framandspråklege studietilbod (15 studiepoeng)	18	23	10	13	10	7
Studietilbod i samarbeid med andre utanlandske institusjonar (fellesgrader)	0	0	0	0	0	0

HVO har rekordmange Erasmus-stipend for akademisk og administrativt tilsette, rundt 70 stipend berre for studieåret 2010/2011. I 2009/2010 klarte vi å nytte alle stipenda. Når det gjeld lærarstipend

skulle vi ønske at fleire ville nytte seg av ordninga, men skal ein få dette til må det avsetjast meir midlar i avdelingane også. Stipendet som er på kr 6 400 rekk ikkje alltid til både reise og opphald, og det heiter i rettleiinga frå leiinga at avdelingane skal støtte etter søknad frå den tilsette. Erasmus-stipenda er utruleg viktige for å auke mobiliteten og dekanane er bedne om å arbeide for å motivere tilsette til å dra ut.

Verksemdmål 1.4 (HVO): Høgskulen i Volda skal primært vere ein profesjonshøgskule med profilerte tilbod innan mediefag, sosialfag og lærarutdanningar.

Resultatmål:

- **Høgskulen i Volda skal i 2010 vidareføre arbeidet med revisjon av studieplanane til alle profesjonsutdanningane med sikte på klarare målretting, profilering og organisering i forhold til behov i samfunnet og eigne behov for konsentrasjon og profilering. Studieplanarbeidet skal gjennomførast i tett samarbeid med praksisfeltet.**

Arbeidet er godt i gang på alle avdelingane. Mange arbeider med heil revisjon av studieplanane. Masteremne i barnevern er utvikla i tett samarbeid med praksisfeltet. Førskulelærarutdanninga har tilpassa seg retningslinene i kvalifikasjonsrammeverket. Den nye grunnskulelærarutdanninga har nyskrivne planar i samsvar med kvalifikasjonsrammeverket. Vi har også betra samarbeidet med praksislærarane. Det gode samarbeidet med praksisskular og praksislærarar er vidareutvikla.

- **Høgskulen i Volda skal vidareutvikle institusjonsavtalar og samarbeid som sikrar tilgang på gode praksisplassar for profesjonsutdanningane. Vi skal ha god kontakt med samfunn/profesjon/næringsliv og sikre at profesjonsutdanningane fagleg sett er oppdaterte og at innhald og arbeidsmåtar er relevante for seinare profesjonsutøving.**

Førskulelærarutdanninga (FLU) har revidert alle praksisplanar i samarbeid med praksisfeltet. FLU har fleirårige avtalar om praksis (fram til 2012) med kommunane, men ønskjer etter kvart å inngå avtalar med den einskilde styraren/barnehagen slik det er med dei private barnehagane. Praksisavtalar for ALU og GLU skal fornyast, men nye avtalar vil ikkje setjast i verk før i 2012. Hausten 2010 vart det arrangert ein fagdag, der praksislærarar og andre lærarar ved praksisskulane var inviterte. ASH har hatt samlingar for praksislærarar og kontakt med sosialfagstudentane sine praksisstarar. Utvikling av nye emne har skjedd i nært samarbeid med praksisfeltet.

- **Høgskulen i Volda skal arbeide for oppretting av 25 nye studieplassar til ei eiga kunst- og kulturlærarutdanning**

HVO løyvde kr 100 000 i strategiske midlar til utvikling av eit kulturlærarstudium. Ei arbeidsgruppe med representantar frå alle seksjonar har levert innspel til modell for ei slik utdanning. HVO søkte om ekstra studieplassar til denne utdanninga, men har så langt ikkje fått det. I første runde vel ein å satse mot kulturskulen, og fagpersonell herifrå har vore med i utviklingsarbeidet. Studieprogrammet ligg no i Samordna opptak.

Sektormål 2 - forskning

Høgskulane skal oppnå resultat av høg internasjonal kvalitet i forskning og fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid.

Verksemdmål 2.1 (KD): Høgskulen i Volda skal gjennom nasjonalt og internasjonalt samarbeid tilby forskarutdanning av høg kvalitet. Forskarutdanninga skal vere retta inn mot og dimensjonert for å ta vare på behova i sektoren og i samfunnet elles.

Resultatmål:

- **Høgskulen i Volda skal aktivt samarbeide med andre institusjonar om forskarutdanning, spesielt forskarskular som er retta mot behova i profesjonsfaga**

HVO samarbeider aktivt med NAFOL og NATED (Nasjonal forskerskole i utdanningsforskning). Vi har vore med å etablere Grieg Research School in Interdisciplinary Music Studies i regi av UH-nett Vest, og deltek i arbeidet med å etablere ein forskarskule i helse- og sosialfag i dette nettverket.

- **Høgskulen i Volda skal leggje til rette for at eigne stipendiatar og ph.d. kandidatar får optimale muligheiter til å gjennomføre forskarutdanning ved doktorgradsgivande institusjon og t.d. NAFOL eller NATED**

Dette er arbeid som vi prioriterer.

Verksemdmål 2.2 (KD): Høgskulen i Volda skal ta eit særskilt ansvar for profesjonsretta forskning, utviklingsarbeid, kompetanseutvikling og nyskapande verksemd i regionen. Vi skal samarbeide nasjonalt og internasjonalt om forskning og utviklingsarbeid.

Resultatmål:

- **Høgskulen i Volda skal samarbeide innan UH-nett Vest med å gjennomføre prosjektet Kartlegging av vurdering som ein har fått incentivmidlar til**

Prosjektet er i god gjenge og har levert sin første rapport. HVO har ein person med i arbeidsgruppa. Vurderingsgruppa på HVO er aktive også opp mot dette prosjektet.

- **Høgskulen i Volda skal, i samarbeid med Møreforskning og Agderforskning, søkje VAM-programmet (Velferd, arbeid, migrasjon) om støtte til eit prosjekt om Sårbar ungdom**

Vi har sendt søknad, men fekk avslag.

- **HVO skal søkje forskingsrådet sitt regionale fond om midlar knytt til Innovasjon i offentleg sektor**

På grunn av usemje om organisering av regionale forskingsfond i Midt-Norge blei midlane utlyst først hausten 2010 og med søknadsfrist 13 oktober. Berre små midlar er prioriterte til innovasjon i offentleg sektor, vesentleg til forprosjektsøknader.

- **Høgskulen i Volda skal vere blant dei fem beste i høgskulegruppa når det gjeld publikasjonspoeng**

Talet for 2010 vil liggje rundt 89 poeng. Vi kan vise til stigande resultat frå denne aktiviteten, og vi ligg godt an i høve til dei andre institusjonane i gruppa. Rapporteringsfristen for 2010 er i år utsett til 1. april, og først då har vi tala for dei andre høgskulane.

- **Høgskulen i Volda skal auke produksjonen av publikasjonspoeng ved at fleire fagtilsette publiserer**

I 2010 har 49 fagtilsette rapportert, og dette er 10 fleire enn i 2009 og 21 fleire enn i 2008.

- **Høgskulen i Volda skal stimulere tilsette til å delta i internasjonale kompetansenettverk, og knyte til oss internasjonale forskarnettverk gjennom Strategiske høgskuleprogram og andre større profesjonsprosjekt**

HVO har ikkje luktast med å bygge systematiske internasjonale kompetansenettverk. Men mange av våre fremst forskarar har gode internasjonale kontaktar. I hovudsak er dei utanlandske kontaktane individbaserte. Gjennom IP'ane våre har vi utvikla gode internasjonale samband, t.d. innafor Teaching Artist-programmet.

- **Alle som får tildelt FoU-ressursar skal dokumentere korleis desse ressursane er nytta, og vi skal leggje til rette for god framdrift**

Tildeling av FoU-ressurs skjer meir individuelt enn før og gjerne på grunnlag av resultat. Oppfølging skjer gjennom medarbeidersamtalar. Men vi har eit stykke att før vi har god dokumentasjon på korleis ressursane vert nytta.

Styringsparameter	Resultat				Ambisjonsnivå	Resultat
	2006	2007	2008	2009	2010	2010
Publikasjonspoeng per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling	0,28	0,31	0,49	0,43	0,40	*
NFR-tildeling per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling (1 000 kr)	7	26	37	38	33	33
EU-tildeling per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling **	0	0	0	0	0	0
Talet på fagtilsette som publiserer			28	39	45	49

* Frist for rapportering av publikasjonspoeng er i 2011 utsett til 1. april på grunn av omlegging til nytt system.

**Høgskulen i Volda har store EU-tidelingar knytt til studentaktivitetar, men vi har ikkje tidelingar frå rammeprogram for forskning.

Verksemdmål 2.3 (HVO): Høgskulen i Volda skal gjennom tildelte stipendiatstillinger syte for god gjennomføring av forskarutdanninga.

Resultatmål:

- **Høgskulen i Volda skal vidareføre satsinga med å knyte stipendiatar til program med klare mål, god rettleiing og oppfølging for å betre gjennomstrøyminga**

Stipendiatprogrammet i fagdidaktikk går godt. Stipendiatprogrammet i profesjonsforskning har ein tilsett stipendiat, og det var ny utlysingsrunde vår/sommar 2010. To personar fekk tilsegn om tilsetjing under vilkår om opptak på doktorgradsprogram.

- **Stipendiatprogrammet i fagdidaktikk skal halde fram i 2010**

Tre av AHLs ni stipendiatar er knytt til fagdidaktikkprogrammet. Framdrifta er god.

- **Eit nytt program i profesjonsforskning skal etablerast i løpet av 2010**

Det er tilsett tre stipendiatar på programmet. Ein tilsett ved AHL er tatt opp som stipendiat i programmet, dei to andre tek til i 2011. Koordinatorar er på plass.

- **Alle stipendiatar skal følgjast opp med medarbeidersamtale minst ein gong i året**

Dette blir følgt opp på alle avdelingane.

- **HVO arbeider med å leggje til rette for at stipendiatar kan ha kortare eller lengre utanlandsopphald**

Stipendiat ved Institutt for religion, livssyn og kyrkjefag hadde utanlandsopphald (Jerusalem) i 2010. AMF melder at dei som ønskjer det, får tilhøva lagt til rette for det. To stipendiatar er utanlands

dette studieåret, og fleire nemner at dei vil prøve å leggje inn kortare eller lengre arbeidsopphald i utlandet. Fleire har vore på samlingar i utlandet der dei har presentert paper.

Kommentarar:

Det blir arbeid godt med å følgje opp måla under Sektormål 2. Vi har mange FoU-prosjekt under arbeid. Viktige tiltak i den nye FoU-planen er at arbeidsplanane til vitskapleg tilsette skal brukast meir målretta til å gjere alle aktive i forskings- og formidlingsarbeid, til å omfordele FoU-ressursar til felles/avdelingsvise program og prosjekt, og til kollegarettleiing og forskingsleiing på operativt nivå. Vi er også kome godt i gang med å utvikle programorganisering av forskinga og å skape forankring for dette i fagmiljøa.

Dei erfaringane vi har så langt tyder på at vi har eit forbettringspotensial når det gjeld gjennomføring. Vi har difor sett i verk ein del tiltak som skal betre gjennomføringa. Stipendiatar som blir tilsett får ikkje løn før dei er tekne opp på doktorgradsprogram. Vi har også innført intervju ved tilsetning for å formidle forventningar og krav og sjekke motivasjon. Eige reglement for oppfølging av stipendiatar er vedteke. Krav til undervegsrapportering er skjerpa. Høgskulen i Volda har og satsa på å knyte stipendiatane til større program med klare mål, god rettleiing og oppfølging. Rapportane frå avdelingane tyder på at stipendiatane no blir følgt opp betre ved HVO.

Sektormål 3 - formidling

Høgskulane skal medverke til å spreie og formidle resultat frå forskning, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid, og medverke til innovasjon og verdiskaping basert på desse resultatane. Vi skal også leggje til rette for at tilsette og studentar kan delta i samfunnsdebatten.

Verksemdmål 3.1 (KD): Høgskulen i Volda skal tilføre samfunnet resultatane frå FoU-verksemda gjennom formidling og deltaking i offentleg debatt.

Resultatmål:

- **Høgskulen i Volda skal halde fram med å arrangere Forskingsdagane for å synleggjere FoU-verksemda vår**

Forskingsdagane 2010 vart arrangert ved HVO med mange arrangement og godt publikumsoppmøte. Vi hadde fleire foredrag av ferske PhD-arar. Også forskarar som har publisert bøker har formidla sine resultat, og innan mat og helse har ein knytt forskning til praksis.

- **Høgskulen i Volda skal halde fram med å gi støtte til dokumentarfilmfestivalen, animasjonsfilmfestivalen, symfoniorkesteret og andre aktivitetar som fremjar omdømme og samfunnskontakt**

Alt dette er kvittert ut.

- **Høgskulen i Volda skal gjennom internt poengsystem for FoU stimulere fagtilsette til å drive foredragsverksemd, fagleg og populærvitskapleg formidling og kritisk debatt m.m. om aktuelle samfunns spørsmål innanfor våre fagområde**

Dette ser ut til å fungere som eit godt incentiv. Produksjonen av interne FoU-poeng aukar jamt.

- **Høgskulen i Volda skal arrangere konferansar og seminar om m.a. barnehagen, rekruttering til velferdsstatens yrke i samarbeid med regionale aktørar og samarbeide med Fritt Ord om forskning og seminar**

Barnehagekonferansen 2010 er avvikla. I tillegg kjem to spesielle fagdagar: Våren 2010 om dokumentasjon og observasjon, hausten 2010 om mangfald i barnehagen. KIO, MAFAL og NYMY har hatt fleire konferansar. I 2010 arrangerte AHL landskonferanse for studieleiarar og praksisleiarar/konsulentar i FLU, PPU og ALU. Fagdagen *Gode skular krev gode lærarar* vart arrangert i september 2010, målgruppa var lærarutdannarar ved HVO, skuleleiarar og praksislærarar i ALU og GLU. Master i spesialpedagogikk har årleg fagdag med stor deltaking frå regionen. Ytringsfrihetsseminaret er flytta til vårsemesteret for å harmonisere innhaldet betre med progresjonen i studieprogramma. Animasjonsfestivalen er utvida med to seminar, eit om Industrianimasjon i samarbeid med maritim næring og VRI, og eit om Animation and the Cold War (med støtte frå Fritt Ord), begge med internasjonale foredragshaldarar. Konferansen *Livskunst. Kunst og kultur i habilitering* 4. og 5. november er arrangert i samarbeid med Helse Sunnmøre. *Omsorg for barn* – opne fagdagar, samarbeid mellom ASH og førekulelærarutdanninga. *Barnevern og media* – seminar i to dagar, samarbeid mellom ASH og AMF. To dagars konferanse med professor Otto Kernberg om borderline og aggresjon – ein dag lokalt og ein dag med nasjonal deltaking (110 deltakarar).

- **Høgskulen i Volda ved Seanse skal arrangere årlege internasjonale forskingsseminar med paper innanfor feltet Arts in Education**

Seanse arrangerte *Teaching Artists – noe for Norge?* på Litteraturhuset i Oslo i november med mellom anna Greg McCaslin, Educational Director, Roundabout Theatre New York.

- **Høgskulen i Volda legg opp til nettbaserte tenester for forskingsformidling. Gjennom nye nettsider vil ein fokusere på framstilling av sentrale forskingsprosjekt, faglege ressursar og publikasjonar**

HVO har etablert eit institusjonsarkiv for forskingspublikasjonar, BRAVO. Det er basert på BIBSYS BRAGE. Nye nettsider er etablert, og arbeidet med å oppdatere og forbetre desse går føre seg kontinuerleg.

- **Høgskulen i Volda sitt interne poengsystem for FoU skal vidareutviklast for å syne formidling som eigen hovudaktivitet. Produksjonen av formidlingspoeng skal vere større i 2010 enn i 2009**

Interne FoU-poeng har auka dei siste åra, det er for tidleg å seie noko om utviklinga i 2010. For 2009/10 har vi hatt ein gjennomgang av kategoriar for poengutrekning og justert desse noko, spesielt knytt til kunstnarisk verksemd. Nasjonalt ser ein at det er store utfordringar med å "telje" utviklingsarbeid og formidling og spesielt profesjonsnært utviklingsarbeid kan det vere aktuelt å gi høgare utteljing i vårt interne system.

- **Høgskulen i Volda skal arrangere fagkonferansar og seminar med utspring i forskingsverksemda innanfor dei sentrale fagområda våre i samarbeid med regionale, nasjonale og internasjonale aktørar**

AHL tok initiativ til internasjonalt seminar med god deltaking. AMF arrangerte seminar innan kommunikasjon for lokalt næringsliv i samarbeid med VRI. Kulturvriprosjektet *Høyr og Sjå* vart avslutta med konferanse i februar 2011.

- **Høgskulen i Volda skal i samarbeid med fylkesmannen i Møre og Romsdal arrangere fagdag om omsorgsyrke**

Vellukka konferanse i Molde, 200 deltakarar.

- **Høgskulen i Volda skal arrangere Norsk medieforskarkonferanse og avslutningskonferanse for Journalistikk i endring (SHP)**

AMF arrangerte Norsk Medieforskarkonferanse og avslutningskonferanse for Journalistikk i endring (SHP) i oktober i Ålesund. På konferansen vart boka "Journalistikkens samfunnsoppdrag" presentert som eit av resultatane av SHP-satsinga. Eit anna resultat av SHP-satsinga er at fem fagtilsette har søkt professorstilling/kompetanse ved AMF.

- **Høgskulen i Volda skal få på plass eit system for elektronisk innlevering av masteroppgåver ved HVO i løpet av våren 2010**

Dette er på plass.

- **Høgskulen i Volda skal få på plass rutinar for å få inn tidsskriftartiklar i Brage Volda (kontrakter, format, informasjon til tilsette)**

HVO har etablert sitt eige institusjonelle arkiv (Bibsys Brage) der vi så langt har fått på plass avleveringsrutinar og avtalar for mastergradsoppgåver. På sikt er målet å få til det same for tidsskriftartiklar. HVO har to interne skriftseriar som vert publiserte elektronisk på HVO-veven og lagra i det institusjonelle arkivet.

Kommentarar:

Rapportane frå avdelingane viser at formidling og ekstern verksemd er ein viktig del av det faglege arbeidet. Alle resultatmåla er kvitterte ut. Når det gjeld dei nettbaserte tenestene er strukturen etablert, men innhaldet må stadig utviklast.

Verksemdsmål 3.2 (KD): Høgskulen i Volda skal medverke til samfunns- og næringsutvikling gjennom utdanning, innovasjon og verdiskaping.

Resultatmål:

- **Høgskulen i Volda skal oppretthalde same nivået på den eksternt finansierte verksemda i 2010**
Rekneskapstala syner at vi nådde dette målet.

- **Høgskulen i Volda skal arbeide vidare med å sikre fast finansiering over statsbudsjettet av Seanse – senter for kulturproduksjon i Volda kopla til Den kulturelle skulesekken**

Kunnskapsdepartementet og Kulturdepartementet har gitt løyvingar på kr 500 000 kvar til vidareføring av Seanse. Det vert arbeidd for anna tilleggsfinansiering for å kunne halde oppe drifta i 2011, og for å oppnå framtidig totalfinansiering over statsbudsjettet.

- **Høgskulen i Volda skal utvikle nyskapande studietilbod i samarbeid med og for regionen, innan leining, kultur og etablerarkunnskap**

HVO har utvikla påbyggingsstudium for dokumentarskaparar og har under utvikling eit tilbod i industrianimasjon i samarbeid med Høgskulen i Ålesund. Eit nytt kulturlærarstudium blir lyst i Samordna opptak. Studiet kan på sikt tene både innafor kulturskule, skulefritidsordninga, skulen og det frivillige kulturlivet. Ein har her hatt eit samarbeid med representantar frå kulturavdelinga i Møre og Romsdal fylkeskommune og fagmiljøet i kulturskulane. Dette er ei satsing som tek utgangspunkt i regjeringa sine målsettingar i Kulturløftet II.

- **Høgskulen i Volda vil arrangere nyskapingseminar og følgje opp nye forretningsidear baserte på forskning og nyskapande studentarbeid**

Det er planlagt opplæringstilbod innan industrianimasjon som vil bli sett i gang som eit prøveprosjekt våren 2011 i samarbeid med lokale verksemdar og VRI.

- **Høgskulen i Volda skal aktivt medverke til nyskaping i regionen gjennom utvikling av nye etter- og vidareutdanningstilbod**

Det er utvikla tilbod i Pedagogisk Utviklingsarbeid Barnehagane 1 og 2, Barnehagepedagogikk og Mentorutdanning. HVO samarbeider med institusjonar i UH-nett Vest om utvikling av etterutdanningstilbod i klasseleiing, vurdering og læreplanarbeid. Det er også utvikla Påbyggingsstudium i dokumentar og reportasje og to masteremne i barnevern.

- **Høgskulen i Volda skal gjennom VRI- og FORNY-prosjekta bidra til å etablere ein sterkare kultur for kommersialisering av forskning og kunnskap generelt, samt å kartlegge og prøve ut HVO sitt potensiale for kommersialisering av FOU-resultat**

AMF har og lagt til rette studio for produksjon av nynorske versjonar av utanlandske animasjonsfilmar for born. Dette arbeidet er i gang. Innafor media og kultur har HVO stimulert til utvikling av ny næringsverksemd med utgangspunkt i den fagleg verksemda ved høgskulen. Det har så langt ført til etablering av fleire bedrifter – sjå tabell nedanfor.

- **Høgskulen i Volda skal arbeide aktivt for å vidareutvikle aktiviteten knytt til Vestnorsk filmsenter og kulturnæringshagen i Volda**

AMF er i god dialog med Vestnorsk filmsenter. Avdelinga er og i dialog med prosjektleiar(-ane) for etablering av kulturnæringshage.

Styringsparameter	Resultat				Ambisjonsnivå	Resultat
	2006	2007	2008	2009	2010	2010
Omfang av bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA) (utanom NFR og EU)	9 338	11 676	11 077	12 096	12 300	11 072
Mottekne forretningsidear						12
Mottekne forretningsidear som har resultert i oppretting av selskap						5

Verksemdmål 3.3 (HVO): Høgskulen i Volda skal vere ein aktiv samarbeidspart for kommunane i gjennomføringa av reformene i barnehage og skule (Barnehageløftet og Kompetanse for kvalitet).

Resultatmål:

- **Høgskulen i Volda skal gjennomføre oppdraget knytt til utviklingsarbeid i barnehagen for kommunane på Nordre Sunnmøre.**

Dette er gjennomført.

- **Høgskulen i Volda skal vidareføre vidareutdanningstilbodet for førskulelærarar på til saman 30 stp innan språkmiljø og språkutvikling.**

Dette er gjennomført, men i ein annan form enn først planlagd. Frå KD fekk vi tildelt "Kommunikasjon, språk og tekst" som fagprofil for PUB-studiet hausten 2009.

- **Høgskulen i Volda skal gjennomføre eit prosjekt for barnehageeigarar om haldningsskaping for fleirkulturell pedagogikk**

Berre delvis. Har hatt seminar for barnehageeigarar i Møre og Romsdal i NAFO-prosjektet som omhandlar fleirkulturell pedagogikk. Vi hadde også temadag i november om dette emnet.

- **Høgskulen i Volda skal tilby eit nytt vidareutdanningstilbod på til saman 30 stp for leiarar i barnehagen innan organisasjon og leiing**

Vi held fram med å tilby 30 stp vidareutdanningstilbod i tema Organisasjon og leiing.

- **Høgskulen i Volda skal tilby studiet Barnehagepedagogikk**

Dette studietilbodet er godt i gang. HVO har no sett i gong andre kullet i 30 stp Barnehagepedagogikk.

- **Høgskulen i Volda skal tilby studiet Småbarnspedagogikk i samarbeid med HSF innanfor ramma av UH-nett Vest**

Planane er klare og frå hausten 2011 skal vi i samarbeid med HSF tilby 30 stp Småbarnspedagogikk. Desse studietilboda er emne 1 og 2 i same programmet.

- **Høgskulen i Volda skal arbeide for å få tildelt studieplassar til prioriterte vidareutdanningar for lærarar, i samband med vidareføring av Kompetanse for kvalitet**

Sjå kommentar under.

- **Høgskulen i Volda skal gjennomføre etterutdanning og rettleiing innan elevvurdering for heile det 13-årige løpet**

Her har vi fullført oppdrag i Molde, Rauma og Vestnes, Sula, Sykkylven og Møre og Romsdal fylkeskommune (vgs). I tillegg er det inngått nye avtalar med Skodje og tre kommunar i Sør-Trøndelag.

- **Høgskulen i Volda skal utvikle eit nytt vidareutdanningstilbod i elevvurdering**

Det er utvikla eit studium på 15 stp som ein vil tilby våren 2011.

- **Høgskulen skal gjennomføre etter- og vidareutdanning for lærarar på til saman 30 stp innan engelsk**

Dette tiltaket vart avslutta hausten 2010. Det var ei oppfølging av *Løft for engelsk*.

- **Høgskulen i Volda skal delta i vidareutdanningstilbod for skuleleiarar (rektorskulen)**

HVO medverkar fagleg både ved rektorskulen i Bergen, ved NTNU og i Tromsø. I tillegg har vi eit eige masteremne på 30 stp i skuleleiing.

- **Høgskulen i Volda skal tilby studium i mentorutdanning av nyutdanna lærarar**

Første kullet avla eksamen september 2010 – vi planlegger oppstart for nytt kull januar 2011, begge 15 stp. Hausten 2011 planlegger vi påbygging med nye 15 stp. Studiet er utvikla og gjennomført i samarbeid med HSF.

- **Høgskulen i Volda skal i 2010 arbeide med strategisk utvikling av PPU-tilbodet med sikte på betre rekruttering av BA-studentar i ulike fag til læraryrket**

Ei arbeidsgruppe er i gang med eventuell oppstart av eit eitt-fags PPU – dette arbeidet er ikkje ferdig og vil halde fram. Førreber rapport er lagt fram for Strategisk studienemnd som oppretta ei arbeidsgruppe våren 2010. Før sommaren leverte gruppa eit notat om situasjonen, behova og ønskja ved HVO. Hausten 2010 såg ein nærare på rammene for verksemda. Ein ser òg fram til resultat av arbeidet med PPU som skjer på nasjonalt nivå.

Kommentarar:

Høgskulen i Volda har store ambisjonar når det gjeld etter- og vidareutdanning for lærarar. I det nye *Kompetanse for kvalitet – eit varig system for kompetanseheving av lærarar*, legg partane opp til nye prinsipp for kompetanseheving. Nyordninga har ført til redusert aktivitet. Vidareutdanning gir læraren fritak for undervisning – vikarkostnaden blir fordelt mellom stat, skuleeigar og lærar. Ein større del av avsette midlar (både statlege og kommunale) vil gå til å dekkje vikarkostnader og mindre til kompetanseheving (etter- og vidareutdanning). No syner det seg at skuleeigar/kommunane vegrar seg mot å finansiere sin del av kostnadene og resultatet er at fleire av dei frikjøpte plassane ikkje blir nytta. Som ein konsekvens av manglande oppslutnad har Kunnskapsdepartementet i brev av 30.08.2010 foreslått ei endring av ordninga *Kompetanse for kvalitet. Strategi for vidareutdanning av lærarar*. Det nye grepet er å overføre koordineringa frå Utdanningsdirektoratet til det regionale nivået. For vår del (UH-nett Vest) vil dette bety at Høgskolen i Bergen (HiB) får eit spesielt koordinerande ansvar og inngår i eit nasjonalt samarbeid for etter- og vidareutdanning av lærarar. I tillegg vil det bli gitt midlar til utvikling av etterutdanningstilbod innanfor sentrale tema knytt til det nye pedagogikkfaget (pedagogikk og elevkunnskap).

Alternativt må studietilboda tilpassast det tildelte måлтаlet. Vår strategi må vere å tilby studium som blir valt framfor andre – kriteria her går på fagleg innhald, organisering og gjennomføring. Fleire viktige skulefag får ikkje plass i HVO sine modellar for ny lærarutdanning. For å sikre god lærardekking i desse faga, er det viktig at tilboda i PPU er gode og kan gje tilbod til alle på BA-nivå som ønskjer det.

HVO har i dag fleire avtalar med kommunar om deltaking i skuleutviklingsprosessar – dette er etterutdanning og vil ikkje kunne finansierast med statlege midlar som før. Denne aktiviteten vil truleg falle bort. Derimot ser ein at staten tilbyr etterutdanning til skular som har dårlege resultat på nasjonale prøver – t.d. fekk utvalte kompetansemiljø i oppdrag å gi kurs i leseopplæring. Denne hausten har det vore tildelt midlar til etterutdanningsprosjekt i elevvurdering – og HVO har nett fått eit slikt oppdrag i Sør-Trøndelag. I samband med omdisponering av midlar frå vidareutdanning til etterutdanning i ordninga *Kompetanse for kvalitet. Strategi for vidareutdanning av lærarar* har HVO fått utvikla fleire kurs som blir tilbydd utan avgift. HVO har stor søknad på våre vidareutdanningar (Norsk og Skuleretta samfunnsfag) og det ser ikkje ut som innføring av studieavgift har påverka søknaden negativt.

Verksemdmål 3.4 (HVO): Høgskulen i Volda skal vidareutvikle utdanningstilbod i samarbeid med regionale og nasjonale aktørar.

Resultatmål:

- **Høgskulen i Volda skal ha tett samarbeid med Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa, Nasjonalt senter for fleirkulturell oppvekst, Nynorsk kultursenter og Nasjonalt senter for kunst og kultur i opplæringa**

Vi samarbeider med Nynorksenteret om diverse etter- og vidareutdanning, f.eks. *Leseløft for barnetrinnet* (også saman med HSH).

- **Høgskulen i Volda skal utvikle nye studietilbod som gjer utdanningane tilgjengelege og fleksible for alle, uavhengig av bustad og livssituasjon**

HVO har mange velfungerande nettilbod og vidareutviklar desse. Arbeidsplassbasert førskulelærarutdanning til tilsette i barnehagane skal halde fram. Det er også avgjort at Høgskulen i Volda, som ein del av arbeidet i UH-nett Vest, skal samarbeide med Høgskulen i Sogn og Fjordane om GLU-deltid 1-7, samlingsbasert. Det første kullet startar hausten 2011, jf også verksemdmål 4.4. Vi har vidareført det nettbaserte studiet *Deskjournalistikk for typografar* og har utvikla eit emne i

Undersøkande og gravande journalistikk. Dette er samlingsbasert med studentar frå mediebedrifter i heile Noreg.

- **Høgskulen i Volda skal i samarbeid med regionen, næringsliv og kommunar utvikle eit moduloppbygd studietilbod innan krisehandtering**

Vi har ikkje kome langt i dette arbeidet, men er i dialog med bransjen og ein annan utdanningsinstitusjon.

- **Høgskulen i Volda skal vidareføre samarbeidet med andre høgskular på Vestlandet om masterutdanning i helse- og sosialfag**

Dette går som planlagt, HSH ønskjer ny runde med mastertilbod.

- **Høgskulen i Volda skal utvikle vidareutdanningsemne på masternivå i barnevern**

Planen er ferdig og skal til fagfellevurdering.

- **Høgskulen i Volda skal utvikle eit nytt emne knytt til demensomsorg**

Dette er i gang – skal til vurdering.

- **Høgskulen i Volda skal gjere førelesingar og anna læringsstoff tilgjengeleg for studentar via internett, og vidareutvikle produksjons- og distribusjonsformer for dette**

Fleire avdelingar gjennomfører eksterne, nettbaserte emne og driv kontinuerleg produktutvikling.

- **Høgskulen i Volda skal i samarbeid med kommunar utvikle etterutdanningstilbod innan organisasjon og leing**

Avtale er inngått med Skodje kommune om etter- og vidareutdanning for leiarar – vi har førespurnad frå næringslivet på Søre Sunnmøre om å tilby eit etterutdanningskurs for leiarar med oppstart hausten 2010.

- **Høgskulen i Volda skal utvikle eit undervisningstilbod i samarbeid med næringslivet og kommunane i regionen gjennom LEAN-akademiet AS**

Denne partnerskapen er no i starten av ein retta emisjon med sikte på å ha eigenkapital til oppstart av undervisningsopplegg. HVO tek sikte på å tilby to 15 stp kurs på masternivå frå hausten 2011 og som kan inngå i Master for samfunnsplanlegging og leing dersom tilstrekkeleg finansiering er på plass.

Kommentarar:

Det er stor pågang frå kommunar i regionen om å medverke i endringsprosessar i kommunane og då retta inn mot leiargruppa. Vi opplever ei aukande interesse for å få med våre fagfolk i kollektive utviklingsprosessar der heile leiargruppa (tverrfagleg) er med og der våre bidrag blir faglege innspel og rettleiing i prosessen. Avtale er gjort med Skodje kommune om leiarutdanning (kombinert etter- og vidareutdanning).

Interessa frå det regionale næringslivet er aukande og dette er ei erkjenning av at dei har behov for kompetanse utover det som rettar seg inn mot produksjonslina. Emne som språk, kulturforståing, kommunikasjon, leing, prosjektleiing, krisehandtering og etikk blir vektlagt. Vi ser her eit potensiale for å kunne utvikle og tilby kurs og studium i nært samarbeid med næringslivet i regionen. Eit døme er *Business-engelsk*, eit kursopplegg som vi har utvikla og selt til Ulstein-gruppa. Kurset er gjennomført og har falle heldig ut. Nytt kull starta i oktober og denne gongen tilbyr vi eit kombinert opplegg med både etter- og vidareutdanning (10 stp) i *Business-engelsk*. Ein har også fått godkjend kursopplegg for *Leiaropplæring retta mot næringslivet* og *Brasil – språk og kultur* – begge etter oppmoding frå næringslivet. Vidare tilbyr vi opplæringspakkar i dataprogram. Utfordringa no er å

skaffe tilstrekkeleg med fagfolk slik at vi kan svare på den aukande etterspurnaden. Løysinga kan vere at institutta tilset fleire som får ekstern verksemd som ein del av arbeidsplanane sine.

Sektormål 4 - organisering

Høgskulane skal organisere og drive verksemda si på ein slik måte at vi tek best mogleg vare på samfunnsoppdraget innanfor ramma av dei disponible ressursane.

Verksemdmål 4.1 (KD): Høgskulen i Volda skal sikre ei god og effektiv forvaltning av ressursane.

Resultatmål:

- **Høgskulen i Volda skal styrke det interne informasjonsarbeidet knytt til økonomistyringsordningane våre, og Høgskulen i Volda skal arbeide for auka intern kunnskap om forvaltningssystem, regelverk og organisasjon**

Leiinga har jamlege informasjonsmøte med dei tilsette i organisasjonen, og i samband med den årlege budsjettfordelinga vert prinsippa og føringane i den interne budsjettfordelingsmodellen løfta fram. På den interne nettsida vår (Innsida) har vi i 2010 fått på plass eit årshjul og kalendrar med fristar for ulike gjeremål i året. Dette er planlagt som eit verkty for mål- og resultatstyring som kan vere i dagleg bruk. Det er viktig at leiarane ute i organisasjonen leverer sine bidrag innan fastsette fristar. Innsida blir stadig utvikla, og siktemålet er å sikre at heile organisasjonen skal finne relevant informasjon tilgjengeleg til ei kvar tid. Her skal vi syte for at alt oppdatert regelverk kjem på plass, og i tillegg vil vi utarbeide fleire malar for aktuelle oppdrag og oppgåver.

- **Høgskulen i Volda skal revidere rutineane for å sikre at nye tiltak ikkje vert sette i verk før det er lagt fram eit godt dokumentert budsjett**

Vi har laga relevante malar for budsjettering av ulike typar tiltak: oppdrag, tilbod med studieavgift og ulike samarbeidstiltak. Desse malane kan i tillegg nyttast i samband med ordinære studietilbod. Sjå også omtale under punkt 4.3.

- **Høgskulen i Volda skal evaluere styringsordninga**

Prosjektet vil bli gjennomført i 2011.

Styringsparameter	Resultat				Ambisjonsnivå	Resultat
	2006	2007	2008	2009	2010	2010
Driftskostnader pr avlagde 60-studiepoengeiningar (1 000 kr)	106	122	134	138	140	143
Driftskostnader pr publikasjonspoeng (1 000 kr) *	4 677	4 283	2 793	3 121	3 600	3 176
Tilhøvet mellom tilsette i undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar og talet på tilsette i administrative stillingar	2,16	2,16	2,06	2,47	3,00	2,61

*Basert på førebels tal for 2010. Fristen for innrapportering av publikasjonspoeng er i 2011 utsett til 1. april 2011.

Verksemålmål 4.2 (KD): Høgskulen i Volda skal gjennom eigen personalpolitikk medverke til eit høgt kompetansenivå, eit godt arbeidsmiljø og eit mindre kjønnsdelt arbeidsliv.

Resultatmål:

- **Høgskulen i Volda skal arbeide med avdelingsvise bemanningsplanar.**

Alle avdelingane arbeider systematisk med ressursoversyn og rekrutteringsbehov.

- **Høgskulen i Volda skal gje støtte til kompetanseheving for administrativt tilsette**

Det er også i 2010 sett av kr 250 000 til dette føremålet. Som i 2008 og 2009 har fleire tilsette fått støtte til relevante vidareutdanningar som gjev studiepoeng. Andre har fått støtte til kortare kurs.

- **Høgskulen i Volda skal arrangere samling for nytilsette**

Samling for nytilsette er avvikla ved starten av haustsemesteret med gode tilbakemeldingar.

- **Høgskulen i Volda skal arbeide for at delen førstestillingar av totalt tal undervisnings-, forskar- og formidlingsstillingar skal auke til over 40 %**

Del førstestillingar har auka, men vi har ikkje nådd målet.

- **Høgskulen i Volda skal arbeide for at delen kvinner av tilsette med førstekompetanse skal auke til 35 %**

Del kvinner med førstekompetanse er om lag på same nivå som året før (27,6 %). Av stipendiatane er 68 % kvinner.

- **Høgskulen i Volda skal tilby kurs i engelsk for både fagleg og administrativt tilsette**

Det har vore gjennomført to kurs i år, eit for fagleg og eit for administrativt tilsette. Begge kursa har vore avslutta med ei fagleg reise for å praktisere engelskkunnskapane.

- **Høgskulen i Volda skal gjennomføre nytt førstelektorkurs i samarbeid med høgskulane på Vestlandet og NAFOL**

Det er lyst ut nytt førstelektorkurs.

- **Høgskulen i Volda skal gjennomføre analyse av sjukefråværet**

I samarbeid med AMU og fagavdelingane har vi gått bak fråværsstatistikken og sett nærare på årsaker. Det har særleg vore fokus på om ein auke i 2009 skuldast arbeidsmiljøfaktorar. Konklusjonen er at sistnemnde faktorar ikkje ser ut til å ha påverka fråværet i stor grad. I oppsummeringa heiter det elles: "Oppsummert dreier fråværet seg i hovudsak om sjukehusopphald og rehabiliteringstid etter operasjonar knytt til hofter, kne, nakke etc. Ei vanleg medisinsk årsak er muskel-/skjelettplager." Fleire av avdelingane tilbakefører ein del av tilfella til stressfaktorar og lang tids arbeidspress. Krav om auka produksjon, knapp økonomi, inntening vert nemnt i denne samanheng. I noko grad gjeld fråværet også individuelle arbeidsrelaterte utbrent-diagnosar.

Styringsparameter	Resultat				Ambisjonsnivå	Resultat
	2006	2007	2008	2009	2010	2010
Del førstestillingar av totale undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar	37 %	36 %	37 %	34 %	40 %	37 %
Del kvinner med førstekompetanse	21,0 %	22,0 %	22,2 %	27,7 %	35 %	27,6 %

Verksemådmål 4.3 (KD): Høgskulen i Volda skal halde på den høge kvaliteten i økonomiforvaltinga. Vi skal ta omsyn til god intern kontroll og ei effektiv ressursforvalting i dei strategiske prioriteringane våre.

Resultatmål:

- **Høgskulen i Volda skal forbetre dei interne rutinane for prosjektgjennomføring og prosjektrapportering**

I 2010 fekk vi på plass informasjon, regelverk og malar for prosjektstyring på den interne nettsida vår, og vi har laga ulike malar både for kontraktar og for budsjettering. Vi har starta informasjonsrunde i organisasjonen også med tanke på å få tilbakemeldingar som kan gjere malane våre så gode og relevante som råd. Når det gjeld prosjektrapportering, arbeider vi med planar om å ta i bruk Excelerator for å klare å halde dei store prosjekta våre meir oppdaterte, og på denne måten få til ei meir effektiv og oppdatert rapportering. Excelerator er eit Excel-verkty som er kopla rett mot ein database – i dette tilfellet Agresso. Etter at vi fekk oppdatert Agresso til ny versjon er denne funksjonen gratis tilgjengeleg.

- **Høgskulen i Volda vil leggje vekt på at føresegner og regelverk vert etterlevde**

Dette arbeidet har vi alltid prioritert.

- **Avsetningsnivået ved Høgskulen i Volda skal reduserast**

Avsetningane vart reduserte med kr 10 680 000. Dette vart så nær opp til ambisjonsnivået som det er råd å kome. Pr 31.12.2010 er dei samla avsetningane våre redusert til kr 17 114 000. Både studenttalet vårt og studiepoengproduksjonen er no i fin framgang. Likevel vil avsetningane kome godt med i 2011 og 2012.

- **I samarbeid mellom avdelingane og fellesadministrasjonen skal det lagast system for å analysere ressursbruken på utvalte område**

Dette har vi enno ikkje arbeidd systematisk med frå sentraladministrasjonen si side. Vi ønskjer ikkje å lage sentrale system som skal tvingast på institutta.

Styringsparameter	Resultat				Ambisjonsnivå	Resultat
	2006	2007	2008	2009	2010	2010
Avrekningar	9 276	5 372	-700	-1 158	-10 600	-10 680
Likviditetsgrad (omløpsmidlar/kortsiktig gjeld)	1,78	1,67	1,71	1,79	1,70	1,53
Opptente inntekter BOA inkludert NFR- midlar og studieavgifter	11 434	16 096	21 066	27 282	24 300	27 509

Verksemådmål 4.4 (KD): Høgskulen i Volda skal bidra til at nasjonale kunnskapsressursar vert forvalta heilskapleg og at oppgåver og ansvar vert fordelte og løyste gjennom samarbeid.

Resultatmål:

- **Høgskulen i Volda skal vidareutvikle ny grunnskulelærarutdanning i tråd med retningslinene frå KD, i samarbeid med HSF og elles innan UH-nett Vest**

HVO deltek aktivt i m.a. dekangruppa for lærarutdanning. Gruppa har stått for etablering av faglege storseksjonar innan nettverket, i tillegg til m.a. studieleiargruppe og mastergruppe. HVO samarbeider

med HSF om fleire studietilbod og er hausten 2010 i ferd med å ferdigstille avtalar for felles deltidsutdanning for GLU 1-7 med opptak 2011.

- **Høgskulen i Volda skal delta i Prosjekt Mørealliansen der hovudfokus ligg på utgreiing av muligheiter for fagleg utvikling og samarbeid innan FoU og utdanning**

Felles kurs i forskingsleiing vart avslutta med samling for deltakarar frå alle institusjonane 14. og 15. september i Geiranger. Det var vanskeleg å mobilisere deltakarar frå HVO. På denne samlinga vart det utvikla fleire samarbeidsidear som blir vurderte med sikte på finansiering i 2011. Gruppa som utgreier moglege samarbeidstiltak m.m. leverte innstilling i januar 2011.

- **Høgskulen i Volda skal i samarbeid med Helse- og sosialfaga i UH-nett Vest tilby desentralisert masterutdanning i helse og sosialfag**

Det første kurset har vore svært vellukka. HSH ønskjer at HVO tilbyr eit nytt masterkurs.

- **Høgskulen i Volda skal delta i arbeidet med å etablere ein forskarskule (doktorgradsutdanning) i psykisk helse, i samarbeid med UiA, HiH, HiT og HiBu**

Dette tar tid – NTNU har kome inn som ein viktig medspelar.

- **Høgskulen i Volda skal utvikle samarbeid med høgskulane på Nordvestlandet (Molde, Ålesund, Sogn og Fjordane) om administrative tenester på desse områda: innkjøp, studieadministrative tenester og IKT.**

Studieadministrasjonen har starta med samarbeid mellom FS-koordinatorane knytt til felles opplæring, metodar og retningslinjer. Ein skal også samordne/gjere felles ein del prosjektarbeid knytt til bestemte arbeidsfelt innanfor det studieadministrative arbeidet. Vi har framleis godt samarbeid med dei to andre høgskulane i Møre og Romsdal knytt til innkjøp. I 2010 gjennomførte vi mellom anna felles anbod på rammeavtale for kontor- og datarekvisita. Vi følgjer også opp på dei andre tenestemråda, sjå kommentar.

- **Høgskulen i Volda skal samarbeide med HSH om vidareutdanninga Leseløft for barnetrinnet**

Dette samarbeidet held fram i 2010, men rekrutteringa var svak.

- **Høgskulen i Volda skal samarbeide med HSF om mentorutdanning for nyutdanna lærarar**

32 studentar med erfaring frå barnehage og skule har gjennomført eksamen i Mentorutdanning I, eit samarbeid mellom Høgskulen i Volda og Høgskulen i Sogn og Fjordane. Studentane har gitt gode tilbakemeldingar og vi startar opp nytt studium 17. januar 2011.

Styringsparameter	Resultat				Ambisjonsnivå	Resultat
	2006	2007	2008	2009	2010	2010
Talet på studietilbod i samarbeid med andre norske institusjonar (fellesgrader)					0	0

Vi har fleire tilbod i samarbeid med andre institusjonar, men hittil har vi ikkje oppretta fellesgrader.

Kommentarar:

1. Sak-prosessar

Når det gjeld det faglege samarbeidet går det lett innanfor UH-nett Vest. Det er etablert gode samarbeidsfora for dei nye lærarutdanningane. Det er sett av midlar til utvikling av forskarskular innfor musikk og helse/sosial. Helse- og sosialfaga har hatt ei vellukka samling i Volda med stor deltaking. UH-nett Vest ønskjer at HVO skal ta eit ansvar for å utvikle eit nærare samarbeid mellom sosialfaga innanfor nettverket. I Mørealliansen slit vi meir med å få med fagfolka. Men det blir no arbeid med å finne folk til å gå inn i ulike arbeidsgrupper slik at ein kan kome i gang med utvikling av det faglege samarbeidet.

Vi har innleia eit samarbeid med nabohogskulane om ein del administrative tenester. Men på sikt meiner vi at vi er best tent med fleire sterke nasjonale institusjonsovergrepande samarbeidstiltak som t.d. UNINETT, SO og ulike faglege brukarforum. Det vil ikkje vere tilstrekkeleg at nokre mindre hogskular samarbeider om datasystem som blir meir og meir krevjande å drifte. Sjølv dei største hogskulane føler seg pressa på dette området.

Vi peikar spesielt på at vi har gått inn i eit samarbeid med hogskulane i Ålesund og Molde om innkjøp. Offentlege innkjøp er eit komplisert regelverk. Gjennom samarbeid vil vi stå sterkare både når det gjeld kompetanseoppbygging, og når det gjeld å setje i verk systema i organisasjonane våre. Vi vil også bli mindre sårbar sidan vi kjenner organisasjonsstrukturane og rutinane til kvarandre og kan hjelpe kvarandre ved fråvær. Vi har søkt Mørealliansen om midlar til eit prosjekt om innkjøpssamarbeid.

Når det gjeld IKT-samarbeidet har vi kome fram til følgjande moglege samarbeidsområde:

- samordning av innkjøp for å få til ei utvikling mot større grad av likskap
- kunnskap og kompetanse – samordning av aktuelle område for kompetansebygging og felles kursing
- sikkerheit – felles lagring og speiling av data mellom dei tre hogskulane
- sikkerheitspolicy – samordning av sikkerheitspolicy for dei tre hogskulane
- felles IT-reglement for tilsette og studentar

2. Korleis strategiske val i økonomisk prioritering og rekruttering underbygger faglege ambisjonar innan forskning og utdanning

Budsjettfordelingsmodellen ved Hogskulen i Volda byggjer på kjende prinsipp for tildeling av løyvinga for året, og styret har høve til å prioritere midlar til ulike satsingar. Her vil den vedtekne strategiplanen gje viktige føringar. Ei av målsetjingane er at vi skal ha ei budsjettfordeling som best mogleg er tilpassa den nasjonale modellen. På denne måten sikrar vi samsvar mellom korleis vi blir finansierte og den interne ressursdisponeringa vår. Vidare har det vore eit mål at modellen skal gje vilkår for planlegging og ressursdisponering i ein desentralisert struktur. Den nasjonale modellen gir i stor grad resultatbaserte løyvingar knytt til utdanning, men noko mindre til forskning og utvikling. Dette har vi retta opp i vår modell ved at vi hentar midlar frå basisløyvinga som vi nyttar til dei resultatbaserte løyvingane for å stimulere aktivitetar innanfor forskning og utvikling på eit vidare grunnlag.

3. Personalpolitiske verkemiddel som bidreg til målet om eit høgt kompetansenivå

Vi kan vise til fleire personalpolitiske verkemiddel som vi har sett i verk for å nå målet om eit høgt kompetansenivå. Oppsummering:

- Eiga ordning med frikjøp i tre år for tilsette som ønskjer å ta doktorgrad
- Førstelektorkurs
- Organisering av forskingsprogram med tydeleg leiing

- Kurs i høgskulepedagogikk
- Engelskurs for både fagleg og administrativt tilsette
- Eigne stimuleringsmidlar for kompetanseheving av administrativt tilsette
- Organisering i program for stipendiatar

4. Oppfølging av gjeldande regelverk for innkjøp og forvaltning av bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet

Innkjøp er eit område det kan vere lett å trakke feil, og der eit feiltrinn kan få store konsekvensar. Dei siste åra har vi derfor brukt ressursar på å informere om regelverket og å gje ryddig og god informasjon om prosessane. I tillegg har vi investert i eit eige innkjøpssystem (KGV). Regelverk og malar ligg tilgjengeleg på Innsida.

Riksrevisjonen har hatt innkjøp i høgskulesektoren som eit fokusområde, og i oktober 2010 kom vår representant til Volda for å sjå spesielt på arbeidet vårt innan dette feltet. Vi har gitt revisoren vår tilgang til Innsida, og det er vår oppfatning at han bruker den informasjonen som ligg her aktivt. Han var fornøgd med at vi har teke inn eit punkt om etiske retningslinjer knytt til innkjøp i innkjøpsreglementet vårt.

Som ein stikk-kontroll fekk vi lista opp 8 store innkjøp frå ulike leverandørar, og han bad om kontrakt, protokoll og eventuelt om det var utført konkurranse. Dei ansvarlege innkjøparane våre fekk presentert denne utfordringa, og alle klarte seg bra med eit lite unntak. Dette er ingen garanti for at vi alltid gjer alt rett, men det viser at vi er på rett veg.

I 2010 fekk vi samla og systematisert informasjon på Innsida knytt til prosjektstyring. Her har vi samla informasjon om:

- Sentralt regelverk (F-20-07) og forskrifter
- Interne retningslinjer for bidrags- og oppdragsfinansiert verksemd
- Malar for budsjettering av ulike typar prosjektmidlar
- Malar for ulike kontraktar

I 2010 har vi halde fleire informasjonsmøte med leiarar og aktuelle sakshandsamarar. Denne informasjonen har vore godt motteken, og i 2011 har vi planar om å gå vidare med dette opplegget.

5. Oppfølging av internkontroll

Vi meiner at vi har gode mekanismar for internkontroll ved Høgskulen i Volda, og vi peikar spesielt på våre system for økonomistyring. I dette ligg at avdelingane og institutta sjølve er aktive i budsjettarbeidet, og dei får ansvar for oppfølging av rekneskapen. Dei legg inn eit driftsbudsjett så realistisk som råd. Dette budsjettet vert lagt inn i økonomisystemet, og det er denne ramma dei styrer etter gjennom året. På denne måten får dei eigartilhøve til budsjettet, og dei har eit godt grunnlag for budsjettoppfølging. Styret får tilsendt økonomirapportar til kvart styremøte.

I tillegg meiner vi at vi har vore aktive i å halde oss oppdaterte om alle retningslinjer og system som har vore innførte etter at vi vart nettobudsjetterte frå og med 2003. Vi nemner her utvikling av kontoplanen og dei statlege rekneskapsstandardane (SRS-ar) med meir. Vi legg stor vekt på at alle delane av rekneskapen skal vere avstemt, avstemmingane vert godt dokumenterte, og eventuelle avvik vert korrigerate etter kvart. Dette er med på å sikre god internkontroll i samsvar med regelverket.

Vi har god rekneskapskunnskap i organisasjonen, vi oppdaterer jamleg rutinedokumentasjonen knytt til fakturahandsaming, løn, rekneskap og remittering, og vi gjennomfører sentrale kontrollar:

- forkontroll og etterkontroll i fakturahandsamingssystemet

- kontrollar før utbetaling gjennom lønssystemet
- 2 godkjenningar før utbetaling i banken (autorisasjon)

Avdelingane har fått delegert fullmakt til attestasjon og godkjenning i fakturahandsamingssystemet (Basware) og dei godkjenner reiserekningane i lønssystemet (via SAP-portalen). All registrering direkte i økonomisystemet og i lønssystemet (SAP) vert utført sentralt for å sikre god kontroll på dette arbeidet. Avdelingane har berre spørjetilgang i økonomisystemet, og denne vert flittig nytta.

6. Arbeid for å redusere talet på midlertidige undervisnings- og forskarstillingar

Høgskulen har vore representert i utvalet som vart oppnemnd av KD i mai, med mandat å utgreie tiltak for å redusere delen av midlertidig tilsette i sektoren. Etter at rapporten vart lagt fram, har høgskuleleiinga hatt fleire møte om temaet med ulike faglege- og administrative leiarar og det har vore teke opp som sak med tillitsvalde. Det er utarbeidd oversiktsmaterieil for å gjere det enklare å informere seg om saka. På denne måten har vi etablert ein god dialog internt, der målet m.a. er å oppnå betre forståing for heimelsgrunnlag ved tilsetjingar. Vi vil arbeide vidare med saka med sikte på å gjennomføre tiltak som er nemnde i rapporten. Spørsmålet om midlertidig eller fast stilling har alt fått større merksemd i tilsetjingsorgana.

7. Fullmakter

Vi arbeider kontinuerleg med å vidareutvikle og forbetre rutinane våre knytt til fullmakter og ansvarstilhøve. I 2007 reviderte vi den interne økonomiinstruksen vår, og denne legg viktige føringar for organsering og fullmakter knytt til økonomifunksjonane våre.

Høgskulen i Volda eig 4 mindre aksjepostar som er investerte etter den nye ordninga frå 2003. I 2010 har vi kjøpt ein aksjepost LEAN-akademiet.

Fullmakter til aksjekjøp i samsvar med reglementet frå KD er ikkje delegert til avdelingane.

Aksjepostane i Møreforskning AS og i Høgskolesenteret i Kristiansund AS er kjøp som er samordna med dei andre to høgskulane i fylket, og vi har gått inn med like store eigarpartar.

Høgskolesenteret i Kristiansund AS

Høgskulen i Volda har i mange år hatt stor aktivitet i Kristiansund. I hovudsak har vi hatt tilbod om allmennlærarutdanning, førskulelærarutdanning og PPU på deltid.

Høgskulane hadde opphavleg tenkt at når vi var ute av avtalen om husleige og drift av senteret i Kristiansund, så skulle vi berre kome inn som brukarar av senteret dersom det var ein marknad for studietilboda våre – på lik linje med andre tilbydarar. Andre burde kunne ta seg av infrastruktur og drift. Men etter at vi fekk invitasjonen om å teikne aksjar i det nye selskapet, vurderte vi situasjonen slik at vi burde gå inn og støtte etableringa. Det var i tråd med vårt ansvar for å bidra til kompetanseheving i regionen, og vi trur at det nye senteret kan vere ein nyttig reiskap her. Det vil også vere ein viktig symboleffekt at høgskulane er med i dette selskapet. Vi er tydelege på at vi vil avgrense forpliktingane våre til å gå inn som eigarar og elles vere tilbydarar av studietilbod. Driftsutgiftene til senteret må andre ta seg av.

Møreforskning AS

Selskapet har som formål å drive forskings- og utviklingsarbeid, utgreiingar og rådgivande verksemd for næringsliv, offentleg forvaltning, organisasjonar og andre, samt delta i andre aktivitetar som står i naturleg samanheng med dette.

Høgskulane har vurdert at eit samarbeid med Møreforskning vil vere til styrke for alle.

Egget Eigedom AS

Egget inngår som delprosjekt i eit større prosjekt som er kalla Kompetansesenter Nordvest. Egget skal vere eit lokale som er spesiallaga for framføring av akustisk og eksperimentell musikk. Det er tenkt laga med ei eineståande utforming der publikum er plassert i spiral på ulike nivå for å få ei optimal oppleving. Planen er at Egget kan gi rom for eit mangfald av aktivitetar: konsertar og visningar for t.d. orkester, kor, opera, korps og dans, innspelingar og opptak, installasjonar, multimedieprodukt og kulturproduksjonar. Lokalet kan også nyttast til øvingar og forskings- og utviklingsarbeid.

Eigedomsselskapet Egget Eigedom AS er skipa for å arbeide med å realisere dette delprosjektet. HVO har satsa på utvikling av praktisk-estetiske fag som musikk, drama og forming. I samband med dette har vi arbeidd for å realisere eit senter for kulturproduksjon og kulturformidling knytt til måla og aktørane i Den kulturelle skulesekken. Vi ser Egget i samband med dette senteret. Her ligg det godt til rette for sambruk av areal.

LEAN-akademiet AS

Intensjonen med etableringa av LEAN-akademiet er å kome i gang med eit undervisningstilbod for næringslivet og kommunane i regionen basert på LEAN-prinsippa. LEAN er ein måte å arbeide og tenke på som hjelper ei verksemd til å betre sine produksjons- og logistikkprosessar. Det handlar om å organisere produksjonen av varer og tenester med minst mogleg spill av tid og ressursar. I tillegg søker ein å ta vare på og utvikle kompetansen til medarbeidarane.

Vi har vurdert dette som eit interessant initiativ som HVO bør vere med på. Det kan føre til utvikling av eit kompetansemiljø hos oss som kan gi opplæring og rettleiing på ulike nivå i bedrifter og kommunar i regionen. Vi trur dette vil styrke masteren vår i samfunnsplanlegging og føre til betre kontakt med næringslivet i regionen.

3. Planar for 2011

3.1 Plan for verksemda i 2011

Nye studieplassar

Høgskulen i Volda fekk 15 nye studieplassar i 2011. Desse har vi nytta til å styrke utviklinga av mastertilbod og deltidsstudium for grunnskulelærarar som skal starte opp hausten 2011 i samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane. I tillegg fekk vi 30 nye studieplassar som ei vidareføring av tidlegare tildeling. Desse er nytta til førskulelærerutdanning (5), grunnskulelærerutdanning (20) og til å styrke bachelorutdanningar (5).

Høgskulen i Volda kan auke opptaket på følgjande utdanningar frå hausten 2012:

Barnevernsutdanning +10
Sosionomutdanning +10
Grunnskulelærerutdanning +10
Kulturpedagogutdanning +25
Førskulelærerutdanning +10
Praktisk-pedagogisk utdanning +20
Animasjonsutdanning +10
Mediefag/masterutdanning +10
Bachelor i media, IKT og design +10
Master spesialpedagogikk /lærarmaster +20
Master helse- og sosial +10
Master i samfunnsplanlegging og leiing +10
(Jf eige tabellvedlegg)

Kommentarar:

Innanfor barnevernet er det stort behov for kompetanse. Vi planlegg eit deltidsstudium for å nå nye målgrupper. Når det gjeld grunnskulelærerutdanninga er det stort behov for å utdanne fleire i 1-7. Høgskulen i Volda startar no planlegginga av ei deltidsutdanning for grunnskulelærer 1-7 med sikte på opptak hausten 2012. Utdanninga skal driftast med utgangspunkt i modellen som er utvikla i UH-nett Vest/i samarbeid med institusjonane i UH-nett Vest. Vi søker om nye studieplassar til denne utdanninga. Den nye Kulturpedagogutdanninga trur vi kan gi eit viktig bidrag til å nå målet i kulturskuleløftet. Animasjonsutdanninga har svært mange søkjarar pr studieplass. Det er godt grunnlag for å auke kapasiteten noko, og vi ønskjer i tillegg å utvikle emne innan industrianimasjon. Utvikling av lærarmaster er viktig å for at HVO kan vere attraktiv i konkurransen om lærarstudentane. Utviklinga vil skje i samarbeid med UH-nett Vest. Master i helse og sosial – her har vi eit samarbeid med Høgskulen Stord/Haugesund. Det gir eit godt grunnlag for fleire studieplassar. Master i samfunnsplanlegging kan styrkast ved at vi legg til rette for innpassing for fleire av BA-utdanningane våre. I første rekkje tenkjer vi at studentane frå sosialfagutdanningane og frå PR og kommunikasjon vil ha interesse for dette.

Utfordringar knytt til oppretting av nye studieplassar

Høgskulen i Volda fekk nytt kontorbygg i 2010. Det ga oss ein netto auke i talet på kontorplassar på 32 då vi sa opp leigeavtalen i eit eldre svært dårleg bygg og gjennomførte nokre ombyggingar. Likevel opplever vi stort press på infrastrukturen vår. For tida har vi ein slakk på 10-12 kontor. Det er for lite dersom vi skal auke talet på studieplassar. Vi treng difor 20-30 nye kontorplassar. Med den auken i

aktiviteten som har vore dei seinare åra, har vi og mangel på undervisningsrom med plass til 50-60 studentar. Vi treng 5-6 nye rom i denne storleiken. I tillegg har vi behov for nokre grupperom. I alt har HVO behov for om lag 1500 m² meir areal dersom vi skal auke talet på studieplassar.

Sektormål 1 - utdanning

Høgskulane skal tilby utdanning av høg internasjonal kvalitet som er basert på det fremste innan forskning, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid og erfaringskunnskap.

Verksemdmål 1.1 (KD): Høgskulen i Volda skal utdanne kandidatar med høg kompetanse og med relevans for behova i samfunnet.

Resultatmål:

- Opptaket på dei fleirårige studia skal auke med 5% i 2011.
- Høgskulen i Volda skal utdanne minst 260 bachelorkandidatar.
- Høgskulen i Volda skal utdanne minst 35 masterkandidatar.
- Høgskulen i Volda skal utdanne minst 60 allmennlærarkandidatar og 50 PPU-kandidatar.
- Høgskulen i Volda skal vidareutvikle fleksible utdanningstilbod – spesielt innan profesjonsutdanningane og vidareutdanningar retta mot lærarar.
- Høgskulen i Volda skal ta opp minst 100 studentar til grunnskulelærerutdanningane, av desse skal minst 60 vere på 1-7 (inkludert deltidsutdanninga).
- Høgskulen i Volda skal ta opp minst 120 sosialfagstudentar

Styringsparameter	Resultat				Ambisjonsnivå
	2007	2008	2009	2010	2011
Talet på primærsøkjjarar per studieplass	1,2	1,3	1,3	1,3	1,5
Talet på studietilbod i samarbeid med andre institusjonar	2	1	5	5	7
Uteksaminerte kandidatar på bachelorprogram	198	259	245	288	260
Uteksaminerte masterkandidatar	24	38	29	30	35
Uteksaminerte allmennlærarkandidatar	90	53	53	64	60
Uteksaminerte PPU-kandidatar	60	51	69	44	50
Opptak til GLU					100
Opptak til sosialfag					120
Primærsøkjjarar i samordna opptak *	1 161	1 270	1 312	1 187	1 300
Registrerte heiltidsstudentar	2 329	2 398	2 468	2 654	2 700

**Det ser ut til å ha blitt ein trend at stadig fleire søkjer berre via Restetorget, sjå kommentar i rapportdelen 1.1*

Risikovurderingar:

Det største trugsmålet mot måloppnåinga til Høgskulen i Volda er at vi ikkje får tilstrekkeleg opptak til dei viktige grunnutdanningane våre. Sjølv om vi hadde ein bra auke i talet på nye studentar i 2010, har vi framleis ikkje god nok rekruttering til fleire av profesjonsutdanningane. Forklaringa kan delvis liggje i låg status for velferdsstatens yrke og høgkonjunktur med lett tilgang på godt løna arbeid i privat sektor. Følgjene for Høgskulen i Volda kan bli alvorlege. Styresmaktene har difor eit stort ansvar for å gjere velferdsutdanningane meir attraktive. På Høgskulen i Volda har vi auka innsatsen i marknadsføring av studietilboda våre. Vi har også laga ein rekrutteringsplan som vert årleg revidert og som blir drøfta med styret på kvart desembermøte. Vi skal også i 2011 gjennomføre prosjekt for å rekruttere søkjarar til sosialarbeidarutdanningane. Vi legg stor vekt på å rekruttere dyktige fagfolk og gi dei gode vilkår for kompetanseutvikling og vil auke innsatsen her i 2011. På den måten legg vi til rette for god undervisning og eit godt omdøme. Vi trur at risikoen for rekrutteringssvikt minskar som følge av større ungdomskull dei næraste åra.

Eit anna trugsmål mot fagporteføljen vår, både ved HVO og nasjonalt, er at dei praktisk-estetiske faga blir kraftig skorne ned i den nye grunnskulelærerutdanninga. Dette kan føre til at det blir vanskelegare å oppretthalde desse fagmiljøa. Som eit mottiltak arbeider vi med utvikling av eit utdanningstilbod for kulturlærarar. Dette er særleg aktuelt etter signala frå regjeringa i Kulturløftet II og satsinga på Kulturskulen som kompetansesenter i kommunane.

Verksemdmål 1.2 (KD): Høgskulen i Volda skal tilby eit godt læringsmiljø med undervisnings- og vurderingsformer som sikrar fagleg innhald, læringsutbytte og god gjennomstrøyming.

Resultatmål:

- Høgskulen i Volda skal halde fram med implementeringa av kvalifikasjonsrammeverket i studieplanarbeidet.
- Høgskulen i Volda skal stimulere til god dialog mellom tilsette og studentar om innhald og kvalitet i studietilboda. Studenttinget skal få timeplanfesta tid til informasjonsarbeid om studentdemokratiet.
- Høgskulen i Volda skal informere om kvalitetsarbeid og gi betre informasjon om temaet på nettsidene.
- Høgskulen i Volda skal kople arbeidet med implementering av kvalifikasjonsrammeverket mot arbeidet med kvaliteten i studieprogramma.
- Høgskulen i Volda skal liggje på nasjonalt gjennomsnittsnivå når det gjeld studiepoengsproduksjon pr heiltidsstudent.
- Høgskulen i Volda skal gjennomføre brukarundersøkingar om studentvelferd, studiestart i 2011 og programevalueringar.
- Høgskulen i Volda skal arbeide med eit prøveprosjekt knytt til podcasting av undervisninga for utvalde fag.
- Høgskulen i Volda skal prioritere arbeidet med oppfølginga av NOKUT si evaluering av førskulelærerutdanninga.
- Handlingsplanen for inkluderande læringsmiljø skal reviderast i 2011

Styringsparameter	Resultat				Ambisjonsnivå
	2007	2008	2009	2010	2011
Nye studiepoeng pr eigenfinansiert heiltidsstudent per år	50	50	50	47	50
Studentar pr undervisningsforsknings- og formidlingsstilling	17,0	17,5	16,2	16,8	16
Gjennomføring i høve avtalt utdanningsplan i prosent	84,6	85,6	84,5	85,4	86

Risikovurderingar:

Trugsmålet mot måloppnåinga er manglande engasjement og studentmedverknad. HVO og Studenttinget i Volda må i fellesskap finne fram til gode måtar å auke engasjementet og deltakinga blant tilsette og studentar. Engasjementet er stort blant dei som er med, men utfordringa er å få fleire til å delta. Gode tiltak er at vi møter i kvarandre sine leiarmøte. Fagutvala er også ein kritisk faktor. Dersom vi får dei til å fungere betre, har vi lagt eit godt grunnlag for kvalitetsforbetring. Vi har også utfordringar knytt til emneevalueringane. Målretta kommunikasjon om kvalitetsarbeid og betre informasjon på nettsidene våre er tiltak som vart sett i verk i 2010, og som vi vil arbeide vidare med i 2011.

Delar av realiseringa av handlingsplanen for inkluderande læringsmiljø kan bli hindra av knappe budsjett. For å unngå at investeringar blir salderingspostar i budsjetthandsaminga, har HVO innarbeidd i budsjettfordelingsmodellen at ein bestemt del av basisløyvinga skal nyttast til investeringar. Læringsmiljøarbeidet handlar også om å påverke haldningar. Difor må vi nytte ulike informasjonstiltak for å gjere lærarane medvitne om korleis ein legg til rette læringsssituasjonen i samsvar med krava om universell utforming.

Verksemdmål 1.3 (KD): Høgskulen i Volda skal ha eit utstrekt internasjonalt utdanningssamarbeid som har høg kvalitet, og som medverkar til auka utdanningskvalitet.

Resultatmål:

- Høgskulen i Volda skal gjennomføre dei to eksisterande IP-prosjekta (Intensive Projects – Life Long Learning Programme) i 2011 og arbeide for at dei skal bli vidareført også i 2012. Samstundes skal vi arbeide for å auke talet på IP-ar.
- Høgskulen i Volda skal oppretthalde minst same aktivitet når det gjeld utvekslingsstudentar som i 2010 og satse ekstra på Erasmus mobilitet.
- Høgskulen i Volda skal arbeide for å auke praksismobiliteten gjennom Erasmus-programmet, og for å opprette eit konsortium for praksisutplassering i tett samarbeid med m.a. VRI-prosjektet og ein eller fleire høgskular.
- Høgskulen i Volda skal oppretthalde minst same aktivitet knytt til solidariske samarbeidsprosjekt med partnerar i Sør (Afrika, Asia, Sør-Amerika).
- Høgskulen i Volda skal i løpet av 2011 ha 10 engelskspråklege tilbod både vår og haust.
- Høgskulen i Volda skal i løpet av 2011 arbeide med kvalitetsforbetring av dei engelskspråklege tilboda.

- Høgskulen i Volda skal leggje til rette for og kvalitetssikre studieopphald ved utanlandske lærestader.
- Høgskulen i Volda skal utvikle tettare samarbeid med utvalde utanlandske lærestadar med sikte på systematisk samarbeid om profesjonsutdanningar på BA- og MA-nivå.
- Høgskulen i Volda skal leggje til rette for internasjonalt fagleg samarbeid og utveksling.
- Høgskulen i Volda skal arbeide for at fleire tilsette nyttar seg av Erasmus-stipend.
- Høgskulen i Volda skal stimulere studentar og nyutdanna lærarar til å søkje støtte frå Comenius-programmet.

Styringsparameter	Resultat				Ambisjonsnivå
	2007	2008	2009	2010	2011
Talet på utvekslingsstudentar (ut/innreisande)	213	172	179	168	200
Talet på framandspråklege studietilbod (15 studiepoeng)	23	10	13	7	10
Studietilbod i samarbeid med andre utanlandske institusjonar (fellesgrader)	0	0	0	0	0

Kommentarar:

HVO har sett av eigne satsingsmidlar som stimulans til å utvikle nye studietilbod på engelsk og til kursing i engelsk for fagleg tilsette. Budsjettet til Internasjonalt kontor er styrka slik at vi kan få til fleire fellestiltak. Internasjonalt kontor har no to heile stillingar og vi har eit godt sørvisapparat for innreisande studentar gjennom den internasjonale treffstaden Pangaia. HVO set av midlar til trainee og praksisstudentar ved Internasjonalt kontor. Vi ser at det er ei stor utfordring ikkje berre å etablere nye emne på engelsk, men på sikt også å kunne tilby ein heil grad på engelsk. Det er viktig at vi dimensjonerer talet på emne i forhold til etterspurnaden. Vi må arbeide for å etablere tilbod på tvers av avdelingane.

HVO vil prioritere arbeidet med IP-prosjekt også i 2011/2012. På grunn av ein reduksjon i tildelinga knytt til overnatting og mat til studentane er det framleis uavklart om *Arts in education* vil bli gjennomført i år. *Acting for animation* vil i 2010/2011 bli gjennomført i Wales 3.-17. mars. Denne IP-en er ein viktig lekk i arbeidet mot ein master i animasjon, med vinkling mot m.a. industriell animasjon. Vi tek sikte på å søke om midlar til ein vidareføring av denne IP-en i ei ny og innovativ form 2011/2012 og arbeider for å få fleire IP-ar i åra framover.

Ei av dei største utfordringane er å motivere eigne studentar til å ta eitt eller fleire semester ute. Vi arbeider for å utnytte Erasmus-stipenda betre og samstundes auke talet på gode avtalar med Storbritannia, Nord-Amerika og Canada. Talet på innreisande studentar har hatt ein stor auke, spesielt gjennom Erasmus/EEA, og vi jobbar særst aktivt for å motivere stadig fleire til å ta eitt eller fleire semester i Volda.

Vi har eit tett og godt samarbeid med fleire av våre utanlandske lærestader, og finn ekstra grunn til å trekke fram University of Glamorgan som ein partner der vi både har student- og lærarutveksling og IP-prosjekt, og arbeider målretta mot ein joint master med m.a. 3D-animasjon og industriell animasjon. I dette arbeidet vil vi samarbeide tett med næringslivet og VRI-prosjektet. Vi intensiverer samarbeidet vårt mot Storbritannia då så vel studentar som ulike fagmiljø har stor interesse av utveksling og prosjekt der. Internasjonalt utval dreg på studietur til Storbritannia i mars 2011. Vi

arbeider også tett mot afrikanske og indiske universitet, spesielt på samfunns-, sosial- og mediefaga. Dette arbeidet vil intensiverast i 2011.

I arbeidet med å få etablert fleire tilbod på engelsk ser vi behovet for ein strategisk plan som peikar ut nokre satsingsområde der vi veit at etterspurnaden er stor og prøver å få så høg kvalitet på desse tilboda som mogleg. Handlingsplan for internasjonalisering skal rullerast i 2011.

Verksemdmål 1.4 (HVO): Høgskulen i Volda skal primært vere ein profesjonshøgskule med profilerte tilbod innan mediefag, sosialfag, kulturfag og lærarutdanningar.

Resultatmål:

- Høgskulen i Volda skal i 2011 vidareføre arbeidet med revisjon av studieplanane til alle profesjonsutdanningane med sikte på klarare målretting, profilering og organisering i forhold til behov i samfunnet og eigne behov for konsentrasjon og profilering. Studieplanarbeidet skal gjennomførast i tett samarbeid med praksisfeltet.
- Høgskulen i Volda skal vidareutvikle institusjonsavtalar og samarbeid som sikrar tilgang på gode praksisplassar for profesjonsutdanningane, også i utlandet. Vi må arbeide for å nytte oss av Erasmus praksisplassar. Vi skal ha god kontakt med samfunn/profesjon/næringsliv og sikre at profesjonsutdanningane fagleg sett er oppdaterte og at innhald og arbeidsmåtar er relevante for seinare profesjonsutøving.
- Høgskulen i Volda skal prioritere arbeidet med utvikling av master på Avdeling for mediefag. Masteren bør ha eit eller fleire emne på engelsk.
- Høgskulen i Volda skal setje i gang arbeidet med å utvikle grunnskulelærarutdanning på masternivå.
- Høgskulen i Volda skal arbeide for oppretting av nye studieplassar til ei eiga kulturlærarutdanning retta mot kulturskulen.
- Høgskulen i Volda skal tilby undervisningstilbod i barnevern på masternivå frå hausten 2011.

Kommentarar:

HVO har laga ein plan for oppfølging av NOKUT-evalueringa av førskulelærarutdanninga. Der legg vi vekt på å auke kompetansen til faglærarane. Vi tek sikte på å redusere talet på mellombels tilsette. Målet er å få ein meir kompetent og stabil stab som identifiserer seg med førskulelærarutdanninga.

Arbeidet med kulturlærarutdanninga er knytt til regjeringa sine målsettingar i Kulturløftet 2. Der legg ein opp til auka samarbeid mellom kulturskulen, skulefritidsordninga og grunnskulen, med sikte på betre ressursutnytting og auka kompetanse i sektoren.

Sektormål 2 - forskning

Høgskulane skal oppnå resultat av høg internasjonal kvalitet i forskning og fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid.

Verksemdmål 2.1 (KD): Høgskulen i Volda skal gjennom nasjonalt og internasjonalt samarbeid tilby forskarutdanning av høg kvalitet. Forskarutdanninga skal vere retta inn mot og dimensjonert for å ta vare på behova i sektoren og i samfunnet elles.

Resultatmål:

- Høgskulen i Volda skal aktivt samarbeide med andre institusjonar om forskarutdanning, spesielt forskarskular som er retta mot behova i profesjonsfaga, t.d. nasjonale forskarskular som NAFOL og NATED. Det gjeld også den nyetablerte forskarskulen i musikk og den planlagde forskarskulen i helse- og sosialfag, begge i regi av UH-nett Vest.
- Høgskulen i Volda skal leggje til rette for at eigne stipendiatar og ph.d. kandidatar får gjennomføre forskarutdanning ved doktorgradsgivande institusjon og t.d. NAFOL eller NATED.

Verksemdmål 2.2 (KD): Høgskulen i Volda skal ta eit særskilt ansvar for profesjonsretta forskning, utviklingsarbeid, kompetanseutvikling og nyskapande verksemd i regionen. Vi skal samarbeide nasjonalt og internasjonalt om forskning og utviklingsarbeid.

Resultatmål:

- HVO skal setje i gang interne forskingsprogram for å fremje forskning og kompetanseheving på strategiske felt.
- HVO skal søkje forskingsrådet sitt regionale fond om midlar knytt til *Innovasjon i offentleg sektor*.
- Høgskulen i Volda skal vere blant dei fem beste i høgskulegruppa når det gjeld publikasjonspoeng.
- Høgskulen i Volda skal auke produksjonen av publikasjonspoeng ved at fleire fagtilsette publiserer.
- Høgskulen i Volda skal stimulere tilsette til å delta i internasjonale kompetansenettverk, og knyte til oss internasjonale forskarnettverk gjennom Strategiske høgskuleprogram og andre større profesjonsprosjekt.
- Alle som får tildelt FoU-ressursar skal dokumentere korleis desse ressursane er nytta, og vi skal leggje til rette for god framdrift.

Styringsparameter	Resultat				Ambisjonsnivå
	2007	2008	2009	2010	2011
Publikasjonspoeng pr undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling	0,31	0,49	0,43	*	0,40
NFR-tildeling pr undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling (1 000 kr)	26	37	38	33	33
EU-tildeling pr undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling	0	0	0	0	0
Talet på fagtilsette som publiserer		28	39	49	55

* Frist for rapportering av publikasjonspoeng for 2010 er utsett til 1. april 2011 på grunn av omlegging til nytt system.

Risikovurderingar:

Eit trugsmål mot måloppnåinga er at forskingsverksemda vert skvisa i høve til undervisninga. Som eit tiltak har høgskuleleiinga oppmoda avdelingsleiingane om å leggje til rette for at fagtilsette kan få frigjort meir samanhengande tid til FoU. Eit anna trugsmål er det generasjonsskiftet vi står overfor i løpet av nokre få år. Viktige tiltak for å møte dette trugsmålet er organiseringa av forskingsprogram og auka innsats på kompetanseutvikling. Forskingsprogramma skal ha tydeleg fagleg leiing og omfatte fleire forskarar på ulike kompetansenivå. Midlane vert tildelt etter søknad og fagmiljøa må

sjølve definere forskingstema og konkretisere opplegget gjennom ei prosjektskisse og ein arbeidsplan. Tidspunkt for oppstart er hausten 2011. I budsjettet for 2011 har vi sett av midlar til delfinansiering av forskingsprogramma.

Kommentarar:

Viktige tiltak i FoU-planen elles er at arbeidsplanane til vitenskapleg tilsette skal brukast meir målretta til å gjere alle aktive i forskings- og formidlingsarbeid, til å omfordele FoU-ressursar til felles/avdelingsvise program og prosjekt, og til kollegarettleiing og forskingsleiing på operativt nivå.

Verksemdmål 2.3 (HVO): Høgskulen i Volda skal gjennom tildelte stipendiatstillingar syte for god gjennomføring av forskarutdanninga.

Resultatmål:

- Høgskulen i Volda skal vidareføre satsinga med å knyte stipendiatar til program med klare mål, god rettleiing og oppfølging for å betre gjennomstrøyminga.
- Stipendiatprogrammet i fagdidaktikk skal halde fram i 2011.
- Stipendiatprogrammet i profesjonsforskning skal etablerast i løpet av 2011.
- Alle stipendiatar skal følgjast opp med medarbeidarsamtale minst ein gong i året.
- HVO arbeider med å leggje til rette for at stipendiatar kan ha kortare eller lengre utanlandsopphald.

Risikovurderingar:

Det er fleire trugsmål mot måloppnåinga om god gjennomføring av forskarutdanninga, t.d. at oppfølginga ved Høgskulen i Volda ikkje er god nok. Dette kan få alvorlege følgjer for gjennomføringa. Dei erfaringane vi har så langt tyder på at vi har eit forbettringspotensial når det gjeld gjennomføring. Vi har difor sett i verk ein del tiltak som skal betre gjennomføringa. Stipendiatar som blir tilsett får ikkje løn før dei er tekne opp på doktorgradsprogram. Vi har også innført intervju ved tilsetting for å formidle forventningar og krav og sjekke motivasjon. Eige reglement for oppfølging av stipendiatar er vedteke. Krav til undervegsrapportering er skjerpa. Høgskulen i Volda har og satsa på å knyte stipendiatane til større program med klare mål, god rettleiing og oppfølging og har sett av midlar til koordineringa av programma. Den økonomiske situasjonen kan gjere det vanskeleg å oppfylle målet om utanlandsopphald.

Kommentarar:

Forskningsutvalet skal ein gong i året handsame statusrapport over framdrift og oppfølging vedrørande stipendiatar og andre i doktorgradsløp.

Sektormål 3 - formidling

Høgskulane skal medverke til å spreie og formidle resultat frå forskning, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid, og medverke til innovasjon og verdiskaping basert på desse resultatata. Vi skal også leggje til rette for at tilsette og studentar kan delta i samfunnsdebatten.

Verksemdmål 3.1 (KD): Høgskulen i Volda skal tilføre samfunnet resultatata frå FoU-verksemda gjennom formidling og deltaking i offentleg debatt.

Resultatmål:

- Høgskulen i Volda skal halde fram med å arrangere Forskingsdagane for å synleggjere FoU-verksemnda vår.
- Høgskulen i Volda skal gjennom internt poengsystem for FoU stimulere fagtilsette til å drive foredragsverksemd, fagleg og populærvitskapleg formidling og kritisk debatt m.m. om aktuelle samfunns spørsmål innanfor våre fagområde.
- Høgskulen i Volda legg opp til nettbaserte tenester for forskingsformidling. Gjennom nye nettsider vil ein fokusere på framstilling av sentrale forskingsprosjekt, faglege ressursar og publikasjonar.
- Høgskulen i Volda sitt interne poengsystem for FoU skal vidareutviklast for å syne formidling som eigen hovudaktivitet. Produksjonen av formidlingspoeng skal vere større i 2011 enn i 2010.
- Høgskulen i Volda skal arrangere fagkonferansar og seminar med utspring i forskingsverksemda innanfor dei sentrale fagområda våre i samarbeid med regionale, nasjonale og internasjonale aktørar.
- Høgskulen i Volda skal arrangere seminar innan kommunikasjon for lokalt næringsliv i samarbeid med VRI. Kulturvriprosjektet "Høyr og Sjå" er i avslutningsfasen og skal avsluttast med konferanse i februar 2011.

Kommentarar:

AMF innførte seminar og konkurranse om beste Industrianimasjon i samband med festivalen AnimationVolda i 2010 og vil vidareføre dette tiltaket i samarbeid med regionale industriverksemdar.

Høgskulen i Volda har intensjonsavtale med interessegruppe med utgangspunkt i Sunndal kommune om å opprette eit selskap, arbeidstittel ILM-TV, for produksjon av nyheitssendingar på arabisk og somalisk til desse språkgruppene i Noreg. NRK Møre og Romsdal er med som potensiell leverandør av nyheitsstoff.

Verksemdmål 3.2 (KD): Høgskulen i Volda skal medverke til samfunns- og næringsutvikling gjennom utdanning, innovasjon og verdiskaping.

Resultatmål:

- Høgskulen i Volda skal oppretthalde same nivået på den eksternt finansierte verksemda i 2011.
- Høgskulen i Volda skal arbeide vidare med å sikre auka finansiering over statsbudsjettet av *Seanse – senter for kulturproduksjon* i Volda kopla til Den kulturelle skulesekken.
- Høgskulen i Volda skal utvikle nyskapande studietilbod i samarbeid med og for regionen, innan leiiing, kultur og etablerarkunnskap.
- Høgskulen i Volda vil arrangere nyskapingseminar og følgje opp nye forretningsidéar baserte på forskning og nyskapande studentarbeid.
- Høgskulen i Volda skal aktivt medverke til nyskaping i regionen gjennom utvikling av nye etter- og vidareutdanningstilbod.
- Høgskulen i Volda skal gjennom VRI- og FORNY-prosjekta bidra til å etablere ein sterkare kultur for kommersialisering av forskning og kunnskap generelt, samt å kartlegge og prøve ut HVO sitt potensiale for kommersialisering av FOU-resultat.
- Høgskulen i Volda har stilt kontor plass til rådvelde og skal arbeide aktivt for å vidareutvikle aktiviteten knytt til Vestnorsk filmsenter og kultur næringsshagen i Volda.
- Høgskulen i Volda skal vidareutvikle påbyggingsstudium for dokumentarskaparar med mål å søke masterakkreditering.

- Høgskulen i Volda skal utvikle eit tilbod i industrianimasjon i samarbeid med Høgskolen i Ålesund og med University of Glamorgan.
- Høgskulen i Volda skal halde fram med å legge til rette for produksjon av nynorske versjonar av utanlandske animasjonsfilmar for born i våre studio.
- Høgskulen i Volda skal i samarbeid med Helse Sunnmøre utvikle praksis for terapeutiske kulturaktivitetar.

Styringsparameter	Resultat				Ambisjonsnivå
	2007	2008	2009	2010	2011
Omfang av bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA) (utanom NFR og EU)	11 676	11 077	12 096	11 072	12 300
Mottekne forretningsidear				12	3
Mottekne forretningsidear som har resultert i oppretting av selskap				5	1

Kommentarar:

Målet med tilbodet i industrianimasjon er at det skal føre til etablering av arbeidsplassar i regionen. Prøveproduksjon er i gang i samarbeid med VRI.

Verksemdmål 3.3 (HVO): Høgskulen i Volda skal vere ein aktiv samarbeidspart for arbeidsliv i regionen ved å utvikle, tilby og gjennomføre kompetansetiltak.

Resultatmål:

- Høgskulen i Volda skal prioritere eit nært samarbeid med offentlege og private interesseorganisasjonar i arbeidslivet.
- Høgskulen i Volda skal arbeide for å få tildelt studieplassar til prioriterte vidareutdanningar for lærarar, i samband med vidareføring av Kompetanse for kvalitet.
- Høgskulen i Volda skal i 2011 gjennomføre fleire etter- og vidareutdanningar for lærarar og førskulelærarar i nært samarbeid med skule- og barnehageeigarar.
- Høgskulen i Volda skal arbeide aktivt for å utvikle tilbod i takt med endringar og utfordringar i offentlig forvaltning (NAV, helse og sosial, barnevern).
- Høgskulen i Volda skal tilby kurs i forretningsengelsk for næringslivet.
- Høgskulen i Volda skal tilby kurs i organisasjon og leiing for kommunar og næringslivet.
- Høgskulen i Volda skal tilby arbeidsplassbasert førskulelærarutdanning i 2011.
- Høgskulen i Volda skal halde fram med å tilby nettbaserte/samlingsbaserte betalingskurs i Desktypografi og Undersøkande journalistikk.
- Høgskulen i Volda skal etablere eit råd for samarbeid med arbeidslivet i 2011.

Risikovurderingar:

Tilgang på faglege ressursar er ein kritisk faktor når det gjeld eksterne aktivitetar. Dei fagtilsette er bundne opp av sine arbeidsplanar og det er ikkje tradisjon for å ha fagleg kapasitet utover ordinær portefølje. Dertil kjem at vår sektor ikkje har fått i stand avtale om bruk av overtid. Vi prøver å inngå avtalar som er langsiktige og som kan innarbeidast i arbeidsplanane. Men vi har ei utfordring fordi etterspurnaden frå kommunar og næringsliv ikkje følgjer høgskulen sitt årshjul. Dette gjer at HVO blir oppfatta som lite fleksibel. Ressurs til eksternt arbeid må innarbeidast som ein naturleg del av HVO

sine hovudoppgåver på lik line med forskning og formidling. Med andre ord bør institutt/seksjonar påleggast å sette av ressurs til eksternt arbeid.

Høgskulen i Volda har store ambisjonar når det gjeld etter- og vidareutdanning for lærarar. I det nye *Kompetanse for kvalitet – eit varig system for kompetanseheving av lærarar*, legg partane opp til nye prinsipp for kompetanseheving. Nyordninga har ført til redusert aktivitet. Vidareutdanning gir læraren fritak for undervisning – vikarkostnaden blir fordelt mellom stat, skuleeigar og lærar. Ein større del av avsette midlar (både statlege og kommunale) går til å dekkje vikarkostnader og mindre til kompetanseheving. No syner det seg at skuleeigar/kommunane vegrar seg mot å finansiere sin del av kostnadene og resultatet er at fleire av dei frikjøpte plassane ikkje blir nytta (berre 1250 av 2500 i 2010). Det nye grepet er å tilby ei ordning som er meir fleksibel og tilpassa skuleeigar og lærarane sine behov. Dette for at fleire skal kunne nytte seg av ordninga. I praksis vil lærarane stå friare i val av studiestad og HVO vil kunne tilby dei nasjonalt prioriterte områda.

HiB vil få eit spesielt koordinerande ansvar og inngå i eit nasjonalt samarbeid for etter- og vidareutdanning av lærarar på vegner av UH-nett Vest. I tillegg vil det bli gitt midlar til utvikling av etterutdanningstilbod innanfor sentrale tema knytt til det nye pedagogikkfaget (pedagogikk og elevkunnskap). Samarbeidet i UH-nett Vest vert no konkretisert gjennom utvikling av felles tilbod om etterutdanning. Det er viktig at dette arbeidet tek utgangspunkt i behov i regionen, og det må skje på ein måte som gjer det mogleg å vidareutvikle det gode samarbeidet som HVO har med praksisfeltet.

Kommentarar:

Vår strategi må vere å tilby studium som blir valt framfor andre – kriteria her går på fagleg innhald, organisering og gjennomføring. Fleire viktige skulefag får ikkje plass i HVO sine modellar for ny lærarutdanning. For å sikre god lærardekking i desse faga, er det viktig at tilboda i PPU er gode og kan gje tilbod til alle på BA-nivå som ønskjer det. Den nye lærarutdanninga med stor konsentrasjon kring dei store basisfaga, vil truleg føre til svært avgrensa tilbod innanfor praktisk-estetiske fag på dei ulike lærarutdanningsinstitusjonane. HVO skal utvikle strategiar for å takle behovet for etter- og vidareutdanning av lærarar i praktisk-estetiske fag i eigen region og tilgrensande område.

Arbeidsplassbasert førskulelærarutdanning har vore eit vellukka tiltak. Det er god rekruttering og vi når ei målgruppe som elles ikkje ville få høve til å ta høgare utdanning. Utdanningstilbodet svarar såleis godt på behova i regionen vår. Vi tek sikte på å tilby dette studiet fast i åra framover. Det vil erstatte den tradisjonelle deltidsutdanninga. Ei spesiell utfordring i dette studiet er organiseringa av praksis i eigne eller andre barnehagar.

Det same gjeld deltidsutdanning for grunnskulelærarar 1-7. Det er stort behov for fleire lærarar og ein ser eit potensial i å tilby deltidsutdanning for å auke talet på lærarar. Skuleeigarane i Romsdal og på Nordmøre etterspør eit slikt tilbod. I løpet av 2012 vil det verte sett i gang ei samlingsbasert deltidsutdanning GLU 1-7 som skal vere retta særleg mot desse delane av Møre og Romsdal. Det vil truleg skje i samarbeid med HSF (som del av UH-nett Vest).

HVO har i dag fleire avtalar med kommunar om deltaking i skuleutviklingsprosessar – dette er etterutdanning og vil ikkje kunne finansierast med statlege midlar som før. Denne aktiviteten vil truleg falle bort. Derimot ser ein at staten tilbyr etterutdanning til skular som har dårlege resultat på nasjonale prøver – t.d. fekk utvalte kompetansmiljø i oppdrag å gi kurs i leseopplæring. Denne hausten har det vore tildelt midlar til etterutdanningsprosjekt i elevvurdering – og HVO har nett fått eit slikt oppdrag i Sør-Trøndelag. I samband med omdisponering av midlar frå vidareutdanning til etterutdanning i ordninga *Kompetanse for kvalitet. Strategi for vidareutdanning av lærarar* har HVO fått utvikla fleire kurs som blir tilbodne utan avgift. HVO har stor søkning til vidareutdanningane og

særleg innan skuleretta fag. Hausten 2010 er det registrert 761 studentar i skuleretta vidareutdanningar og det ser ikkje ut som innføring av studieavgift har påverka søkninga negativt.

Det er pågang frå kommunar/fylkeskommune i regionen om å medverke i endringsprosessar i kommunane retta inn mot leiargruppa. Vi opplever ei auka interesse for å få med våre fagfolk i kollektive utviklingsprosessar der heile leiargruppa (tverrfagleg) er med og der våre bidrag blir faglege innspel og rettleiing i prosessen. Interesse er det også frå sentrale miljø. Til dømes vert det arbeid med avtalar inn mot statlege organisasjonar som etterspør kompetansegivande kurs knytt til offentleg forvaltning. Tanken er å tilby slike studium som ein del av opplæringa for nyttilsette.

For Toll- og avgiftsdirektoratet har vi utvikla eit innføringsemne i offentleg forvaltning.

Interessa frå det regionale næringslivet er aukande og dette er ei erkjenning av at dei har behov for kompetanse utover det som rettar seg inn mot produksjonslina. Emne som språk, kulturforståing, kommunikasjon, leiing, prosjektleiing, krisehandtering og etikk blir vektlagde. Vi ser her eit potensial for å kunne utvikle og tilby kurs og studium i nært samarbeid med næringslivet i regionen. Eit døme er Business-engelsk, eit kursopplegg som vi har utvikla og selt til Ulstein-gruppa. Kurset var ein pilot og fall heldig ut. Denne hausten starta vi opp med Business-engelsk 10 stp. Vi er også i gang med kurs for mellomleiarar i organisasjon og leiing. Pågangen frå næringslivet er stor og det er mangelen på faglege ressursar som set grenser.

Kursdeltakarane både i offentleg og privat sektor etterspør formell kompetanse (studiepoeng) og dette er eit konkuransefortrinn vi som høgskule må leggje vekt på. Deltakarane på slike studium er i regelen spreidde og gode nettløysingar er avgjerande. Vi ser eit stort potensiale på denne marknaden, men det føreset fleksibilitet, kvalitet og vilje til å lytte til oppdragsgivar.

Verksemdmål 3.4 (HVO): Høgskulen i Volda skal vidareutvikle utdanningstilbod i samarbeid med regionale og nasjonale aktørar.

Resultatmål:

- Høgskulen i Volda skal ha tett samarbeid med Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa, Nasjonalt senter for fleirkulturell oppvekst, Nynorsk kultursenter og Nasjonalt senter for kunst og kultur i opplæringa.
- Høgskulen i Volda skal i samarbeid med regionen, næringsliv og kommunar utvikle eit moduloppbygd studietilbod innan krisehandtering.
- Høgskulen i Volda skal vidareføre samarbeidet med andre høgskular på Vestlandet om masterutdanning i helse- og sosialfag.
- Høgskulen i Volda skal utvikle vidareutdanning på masternivå i barnevern.
- Høgskulen i Volda skal utvikle eit nytt emne knytt til demensomsorg.
- Høgskulen i Volda skal gjere førelesingar og anna læringsstoff tilgjengeleg for studentar via internett, og vidareutvikle produksjons- og distribusjonsformer for dette.
- Høgskulen i Volda skal i samarbeid med kommunar utvikle etterutdanningstilbod innan organisasjon og leiing.
- Høgskulen i Volda skal i samarbeid med Toll- og Avgiftsdirektoratet tilby eit kurs i offentleg forvaltning
- Høgskulen i Volda skal vidareføre det nettbaserte studiet "Deskjournalistikk for typografar" og "Undersøkande og gravande journalistikk".
- Høgskulen i Volda skal våren 2011 ha prosjektleiing for kursing i den nye offentleglova i samarbeid med Møre og Romsdal redaktørforening.

Kommentarar:

Studiet "Deskjournalistikk for typografar" er samlingsbasert med studentar frå mediebedrifter i heile Noreg med oppstart hausten 2010. AMF har også utvikla eit emne i "Undersøkande og gravande journalistikk". Begge vil bli vidareførte dersom det er nok påmelde. AMF har også planar om å utvikle eit tilsvarande emne i "Featurejournalistikk".

Sektormål 4 - organisering

Høgskulane skal organisere og drive verksemda si på ein slik måte at vi tek best mogleg vare på samfunnsoppdraget innanfor ramma av dei disponible ressursane.

Verksemdmål 4.1 (KD): Høgskulen i Volda skal sikre ei god og effektiv forvaltning av ressursane.

Resultatmål:

- I 2011 skal driftskostnader pr avlagde 60-studiepoengeining liggje på kr 140 000
- Driftskostnader pr publikasjonspoeng skal i 2011 vere kr 3 200
- Tilhøvet mellom tilsette i undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar og talet på administrative stilingar skal i 2011 vere 2,7

Styringsparameter	Resultat				Ambisjonsnivå
	2007	2008	2009	2010	2011
Driftskostnader pr avlagde 60-studiepoengeining (1 000 kr)	122	134	138	143	140
Driftskostnader pr publikasjonspoeng (1 000 kr) *	4 283	2 793	3 121	3176	3 200
Tilhøvet mellom tilsette i undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar og talet på tilsette i administrative stillingar	2,16	2,06	2,47	2,61	2,7

*Basert på førebels tal for 2010. Fristen for innrapportering av publikasjonspoeng for 2010 er utsett til 1. april 2011.

Verksemdmål 4.2 (KD): Høgskulen i Volda skal gjennom eigen personalpolitikk medverke til eit høgt kompetansenivå, eit godt arbeidsmiljø og eit mindre kjønnsdelt arbeidsliv.

Resultatmål:

- Høgskulen i Volda skal styrke satsinga på kompetanseheving for fagleg tilsette.
- Høgskulen i Volda skal gje støtte til kompetanseheving for administrativt tilsette.
- Høgskulen i Volda skal arrangere samling for nyttilsette.
- Høgskulen i Volda skal arbeide for at delen førstestillingar av totalt tal undervisnings-, forskar- og formidlingsstillingar skal auke til over 40 %.
- Høgskulen i Volda skal arbeide for at delen kvinner av tilsette med førstekompetanse skal auke til 35 %.
- Høgskulen i Volda skal tilby kurs i engelsk for fagleg tilsette.

- Høgskulen i Volda skal gjennomføre nytt førstelektorkurs i samarbeid med høgskulane på Vestlandet og NAFOL.
- Høgskulen i Volda skal tilby kurs i høgskulepedagogikk for fagleg tilsette.
- Talet på midlertidig tilsette skal reduserast.

Styringsparameter	Resultat				Ambisjonsnivå
	2007	2008	2009	2010	2011
Del førstestillingar av totale undervisnings-, forskar- og formidlingsstillingar	36 %	37 %	34 %	37 %	40 %
Del kvinner av totale stillingar	43,6 %	45,4 %	46,6%	47,3 %	50 %
Del kvinner med førstekompetanse	22,0 %	22,2 %	27,7 %	27,6 %	35 %

Risikovurderingar:

Ein stram arbeidsmarknad kan føre til at Høgskulen i Volda taper konkurransen om dei gode søkjarane. Det er viktig å satse på omdømmebygging og profilering. Det er og ei utfordring å halde på arbeidstakarar med høg kompetanse. Gjennom arbeidsplanane legg vi godt til rette for FoU-verksemd slik at vi kan halde fram med å vere ein attraktiv arbeidsplass for forskarar. Vi har også laga ei incentivordning for våre fast tilsette som ønskjer å ta doktorgrad og vil i åra framover satse meir på kompetanseutvikling for alle grupper av tilsette (jf risikovurderingar under sektormål 2). I budsjettet for 2011 ligg det inne auka satsing på kompetanseutvikling og forskning. Vi trur at det kan bidra til å gjere HVO meir attraktiv.

Høgre tal tilsette med høg formell kompetanse kan føre til auka kostnader utan tilsvarande inntekter. Det er også ein risiko at godt kvalifiserte tilsette sluttar fordi vi ikkje kan tilby gode nok vilkår ut frå dei økonomiske rammene våre.

Høgskulen i Volda har vedteke etiske retningslinjer. Det er alltid ein risiko for at det skjer brot på desse retningslinjene. HVO vil difor arrangere temadagar der vi diskuterer kva tiltak som kan setjast i verk for å sikre at etiske retningslinjer blir følgde. Første temadag blir 17. mars der fokus vil vere på utdanning. Den neste vil ta opp forskingsjuks.

Kommentarar:

I det vesentlege har Høgskulen i Volda sjølv "utdanna" tilsette i topp- og mellomgruppestillingar. Dette må vi også rekne med i framtida. Vi har difor sett i gang forskingsprogramma for stipendiatar og førstelektorkurset. På tilsvarande vis kan det bli aktuelt å lage eit eige "dosentprogram", spesielt dersom krava til dosentstillingar knytt til profesjonsutdanningane blir klarare. Ein må og sjå på organiseringa av dei nye forskingsprogramma som eit viktig kompetanseoppbyggingstiltak.

Verksemdmål 4.3 (KD): Høgskulen i Volda skal halde på den høge kvaliteten i økonomiforvaltninga. Vi skal ta omsyn til god intern kontroll og ei effektiv ressursforvaltning i dei strategiske prioriteringane våre.

Resultatmål:

- Høgskulen i Volda skal avslutte rekneskapan for 2011 med eit resultat frå ordinære aktivitetar på minus kr 1 900 000
- Likviditetsgraden etter rekneskapsåret 2011 skal vere på 1,6

- **Opptente inntekter BOA inkludert NFR-midler og studieavgifter skal i 2011 liggje på det same høge nivået som i 2009 og 2010**

Styringsparameter	Resultat				Ambisjonsnivå
	2007	2008	2009	2010	2011
Avrekningar	5 372	-700	-1 158	-10 680	-1 900
Likviditetsgrad (omløpsmidlar/kortsiktig gjeld)	1,67	1,71	1,79	1,53	1,6
Opptente inntekter BOA inkludert NFR- midlar og studieavgifter	16 096	21 066	27 282	27 509	27 700

Risikovurderingar:

Høgskulen i Volda har i dag over 20 ulike system knytt til sentrale administrative område. Dei fleste av desse systema har vore pressa på oss frå sentralt hald, til dømes frå Senter for statleg økonomistyring (SAP/SAP-portalen). Intensjonane er dei beste: Effektiv handsaming av mange prosessar og prosedyrar, inkludert generering av sentrale økonomidata, korrekte rekneskap, modernisert oppgåveløysing i staten og så vidare.

Som nettobudsjettert institusjon er vi i stor grad sjølvstyrte, og i dette ligg at departementet har overført eit stort ansvar til oss. Dette gjeld også oppfølging av ei rekkje sentrale og vanskelege regelverk som til dømes:

- regelverket for rekneskapsføring i nettobudsjetterte institusjonar
- MVA-regelverket
- innkjøpsregelverket
- opptaksføresegner

Samarbeidet mellom institusjonane i sektoren med støtte frå UNINETT (TROFAST-prosjektet) har sytt for at vi, som ein middels stor høgskule har klart å henge med i dette omfattande arbeidet med høvesvis små ressursar. Vi har klart dette berre ved å bygge opp spesialistkompetanse på dei ulike områda (nøkkelpersonar), og det har til tider vore vanskeleg å praktisere "jobb-rotasjon". Ein risiko vil vere at vi ikkje klarer å bygge opp nok kompetanse slik at vi har overlappingsfunksjonar på dei mest sårbare områda. For å redusere risikoen arbeider vi mellom anna for å få til meir samarbeid i regionen og gjennom andre nasjonale nettverk, jf verksemdmål 4.4.

Ein risiko kan også vere at same personen til tider er inne i for mange prosessar i leverandørregisteret: registrering av leverandøren, bilagsregistrering og remittering. Vi er merksam på risikoen, og vi har rutinar som er spesielt tilpassa denne risikoen:

- to personar må autorisere alle utbetalingar sjølv om økonomireglementet set krav om berre ein
- rutiane rundt det elektroniske fakturahandsamingssystemet gjer at innsynet til alle fakturaer vert fordelt til fleire personar

I tillegg vurderer vi å lage ein ny brukar i økonomisystemet med funksjon som superbrukar utan tilgang til å leggje inn leverandørpropplysningar, og tilpasse rutiane etter dette.

Verksemdmål 4.4 (KD): Høgskulen i Volda skal bidra til at nasjonale kunnskapsressursar vert forvalta heilskapleg og at oppgåver og ansvar vert fordelte og løyste gjennom samarbeid.

Resultatmål:

- Høgskulen i Volda skal vidareutvikle grunnskulelærerutdanningane innan UH-nett Vest i tråd med retningslinene frå KD.
- Høgskulen i Volda skal etablere ein fellesgrad i grunnskulelærerutdanning – 1-7 deltid – saman med Høgskulen i Sogn og Fjordane, innanfor ramma av UH-nett Vest samarbeidet.
- Høgskulen i Volda skal delta i Prosjekt Mørealliansen med fokus på fagleg utvikling og samarbeid innan FoU og utdanning.
- Høgskulen i Volda skal i samarbeid med Helse- og sosialfaga i UH-nett Vest tilby masterutdanning i helse og sosialfag.
- Høgskulen i Volda skal samarbeide med sosialfagmiljøa i UH-nett Vest om arbeidsdeling og utnytting av fagleg kompetanse.
- Høgskulen i Volda skal delta i arbeidet med å etablere forskarskular (doktorgradsutdanning) innan UH-nett Vest.
- Høgskulen i Volda skal utvikle samarbeid med høgskulane på Nordvestlandet (Molde, Ålesund, Sogn og Fjordane) om administrative tenester på desse områda: innkjøp, studieadministrative tenester og IKT.
- Høgskulen i Volda skal halde fram samarbeidet med Høgskulen i Sogn og Fjordane om mentorutdanning for nyutdanna lærarar.
- Høgskulen i Volda skal tilby studiet *Småbarnspedagogikk* i samarbeid med HSF innanfor ramma av UH-nett Vest.
- Høgskulen i Volda skal vere aktiv i samarbeidet innan UH-nett Vest i utvikling av nye etterutdanningstilbod knytt til faget *Pedagogikk og elevkunnskap*.
- Høgskulen i Volda skal starte planlegging av ei deltidsutdanning for grunnskulelærer 1-7 med sikte på opptak i 2012. Utdanninga skal driftast med utgangspunkt i modellen som er utvikla i UH-nett Vest/i samarbeid med institusjonane i UH-nett Vest.

Styringsparameter	Resultat				Ambisjonsnivå
	2007	2008	2009	2010	2011
Talet på studietilbod i samarbeid med andre norske institusjonar (fellesgrader)				0	2

Kommentarar:

Samarbeidet innan UH-nett Vest er svært viktig for HVO på mange område. For 2011 har UH-nett Vest søkt SAK-midlar til utvikling og implementering av digitale samarbeidsverky i samarbeid med Uninett. Prosjektet gjaldt først samarbeid om grunnskulelærerutdanninga, men er no utvida til å gjelde alt samarbeid i nettverket. Utbygging av felles infrastruktur vil bidra til å sikre mangfaldet og såleis eit breitt fagtilbod innan nettverket. Digitale verky opnar og for ei tydelegare arbeidsdeling mellom institusjonane. Arbeidet med å greie ut spørsmålet om ein forskarskule knytt til helse- og sosialfag vil halde fram i 2011. Mastergradssamarbeidet i UH-nett Vest skal opp til ein brei diskusjon i styret i UH-nett Vest i mars. Forskingssamarbeidet vil halde fram og det tredje forskarsymposiet blir arrangert i mars.

Rapporten om samarbeidsmodellar i Mørealliansen er no ute på høyring. Styra ved dei tre høgskulane vil handsame rapporten i løpet av april. Då vil vi ta stilling til samarbeidsmodell og kva fagområde ein skal prioritere å samarbeide om både innafør forskning og utdanning.

Budsjett for Mørealliansen 2011 følgjer som eige vedlegg.


3.2 Plan for tildelt løyving 2011

Løyvinga for 2011 er fordelt internt i styresak 54/2010 i møte 2. desember 2010, og det er skrive tildelingsbrev til avdelingane. Budsjettet er fordelt i rammer til avdelingane i samsvar med den vedtekne budsjettmodellen vår. Modellen stimulerer til god aktivitet mellom anna ved at premieringa av resultatata som kjem gjennom finansieringsmodellen frå KD, så godt som råd vert vidareførte internt.

I samsvar med modellen har vi sett av midlar til satsingstiltak og til investeringsmidlar etter spesielle prioriteringar.


Vår strategi har vore at ein større del av studiepoengproduksjonen skal vere finansiert ved eksterne inntekter, og dette viser no igjen både i studiepoengproduksjonen og i inntektene. Verknaden av den låge studiepoengproduksjonen i 2007 og 2008 har vi fått i 2009- og 2010-budsjetta. Dersom vi ikkje hadde bygd opp avsetningar i åra frå 2005 til 2006, ville vi fått problem i 2010. Frå og med 2011 er situasjonen lysare, og vi har laga grafiske presentasjonar av den samla studiepoengproduksjonen, endringane frå eit år til den neste og korleis dette har slått ut for det samla avsetningsnivået vårt:

Figur 1: Samla eigenfinansiert studiepoengproduksjon ved Høgskulen i Volda




Innføring av kvalitetsreforma som for vår del tok til alt hausten 2002, har ført til at ein større del av studiepoengproduksjonen vert lagt til haustsemesteret.

Figur 2: Endra utteljing i undervisningskomponenten



Heile tusen kroner

Figur 3: Avsetningar ved utgangen av året



Heile tusen kroner

I samsvar med økonomistyringsordningane våre vil avdelingane få høve til å leggje delar av tidlegare avsetningar inn i driftsbudsjettet for 2011. Samla budsjetterer vi med at vi må nytte vel 1,9 mill kroner av avsetningsmidlane i 2011.

Som det går fram av figur 1 viser studiepoengproduksjonen frå og med 2009 positive tendensar, i 2011 fekk vi ein fin auke i budsjettet, og i 2012 får vi ein vidare oppgang.

Høgskulen i Volda kan vise til gode resultat både når det gjeld talet på utvekslingsstudentar, innrapporterte publiseringspoeng og NFR-midlar.

Presentasjon av den fordelte ramma for 2011

Avdeling	Fordelt internt måltal frå 1.1.2011	Studiepoeng i 2009	Studiepoeng i 2008	Fordelt løyving til ordinær drift 2011 (1.000 kr)	Samanlikning frå 2010	Fordelte satsingsmidlar og stipendiatmidlar i 2011	Sum fordelt ramme inkludert satsing og stipendiatar i 2011
AKF	437	425,4	346,1	23 010	20 079	3 056	26 066
ASH	644	554,8	539,0	31 199	30 229	2 777	33 976
AMF	253	257,5	253,8	19 128	17 873	1 691	20 819
AHL	943	666,2	677,1	47 530	45 414	3 649	51 179
Ivar Aasen-instituttet	10	8,0	9,5	797	1 170	900	1 697
Fellseadm				30 899	28 724	850	30 899
Felleskostnader				62 579	59 394	2 367	65 796
Utsett/sentral fordeling				4 873	4 000	2 840	7 713
SUM	2 287	1 911,9	1 825,5	220 015	206 883	18 130	238 145

Heile tusen kroner

Fordelte satsingsmidlar til:	2011	Samanlikning frå 2010
Kompetanseutvikling	2 805	2 325
Spesielle satsingsområde ("skjønnsmidlar")	2 780	2 670
Internasjonalisering	200	180
Administrative utviklingsprosjekt	500	800
Rekruttering, kvalitetssikring, evalueringar med meir	1 000	1 244
Strategiske midlar for utdeling gjennom året	1 585	1 200
SUM	8 870	8 419

Heile tusen kroner

Avdelingane har høve til å leggje inn eit driftsbudsjett for 2011 som avvik frå den fordelte ramma for året. Det vert gjennomført eit dialogmøte med avdelingane før driftsbudsjettet for 2011 vert endeleg godkjent.

Avsetningar pr 1.1.2011 ved dei ulike avdelingane:

Ordinær drift utanom investeringar								
	Avsetningar per 1.1.2010	Sum fordelt ramme 2010 inkludert alle tillegg	Innlagt disposisjonsbudsjett 2010	Budsjettet avvik 2010	Budsjetterte avsetningar pr 31.12.10	Avvik mot budsjett 2010	Avsetningar etter rekneskap 2010 = IB 1.1.2011	Endring UB-IB er lik resultat 2010
IT	167	9 049	9 049	0	167	832	999	832
BIBL	-69	6 733	6 733	0	-69	203	134	203
DRIFT	-128	47 123	47 123	0	-128	-108	-236	-108
Andre felles	-165	31 160	31 197	-37	-202	138	-64	101
SUM fellestenester	-195	94 065	94 102	-37	-232	1 065	833	1 028
AKF	-502	23 414	23 414	0	-502	-241	-743	-241
ASH	4 601	33 737	37 803	-4 066	535	2 666	3 201	-1 400
AMF	-909	20 864	20 455	409	-500	-286	-786	123
AHL	6 673	51 203	55 199	-3 996	2 677	26	2 703	-3 970
IAal	402	2 106	2 106	0	402	205	607	205
SUM HVO	10 070	225 389	233 079	-7 690	2 380	3 435	5 815	-4 255

Heile tusen kroner

ASH har aukande aktivitet, og dei vil få høve til å leggje inn delar av avsetningane pr 1.1.2011 i driftsbudsjettet for 2011. AKF og AMF må redusere sine negative avsetningar.

AHL har hatt hovudansvaret for omlegginga frå ei allmennlærerutdanning til ny grunnskulelærerutdanning med to løp. Dette har vore eit omfattande arbeid og har vore gjennomført utan tilførsel av sentrale midlar. Denne avdelinga får ei økonomiske utfordring i 2011, og det ligg an til at vi må godkjenne eit driftsbudsjett for 2011 som vil føre til negative avsetningar ved utgangen av året.

Fordelte midlar til investeringar:

PC-ar til studentar og tilsette	867	(Felleskostnader)
Nettverk, datalagring, programvare med meir	1 584	(Felleskostnader)
Tilgangskontroll	200	(Felleskostnader)
Ombyggingar kantine, infrastruktur med meir	1 680	(Felleskostnader)
Ombygging miljørom	250	(Felleskostnader)
Kopimaskiner, AV-utstyr med meir	470	(Felleskostnader)
Diverse inventar og utstyr multimediarom	395	(Felleskostnader)
Bil til internasjonalt kontor med meir	250	(Felleskostnader)
Utstyr knytt til medieutdanningane	1 035	(AMF)
Utstyr knytt til dei praktisk-estetiske faga	1 170	(AKF)
Utstyr knytt til realfag	80	(AHL)
SUM fordelt	7 981	

Heile tusen kroner

Ein presentasjon av budsjettfordelinga for 2011 er rapportert til DBH.

Vedlegg

Prosjektbudsjett, Mørealliansen 2011

Kostnader

Møreallianse sekretariat for MA og styringsgruppa (0,5 stilling)	500
Programleiing for tre programgrupper, 0,25 stilling kvar, 3*300	900
Andre driftsmidlar for MA prosjektorganisasjonen	100
Felles FoU- prosjekt etter utlysing og vurdering	2 000
Felles administrative prosjekt	500
Infrastruktur konferanseutstyr fjernundervisning/e-læring	600
<u>Fjordkonferansen og felles faglege og administrative seminar</u>	<u>400</u>
<u>Sum kostnader</u>	<u>5 000</u>

Heile tusen kroner

Finansiering

Saldo frå forprosjektet	500
SAK-midlar frå Kunnskapsdepartementet	3 000
<u>Eigenfinansiering på 500 frå kvar institusjon</u>	<u>1 500</u>
<u>Sum inntekter</u>	<u>5 000</u>

Heile tusen kroner

Stipendiatstillingar

Mørealliansen søker vidare om at dei tre institusjonane får tildelt til saman 6 stipendiatstillingar – 2 til kvar institusjon – for å styrke sentrale fagområde i Mørealliansen slik som helse, teknologi, logistikk, økonomi, media og/eller animasjon. Vi ber om å få stillingane tildelt for 2012 eventuelt fordelt på 2012 og 2013.

Vedlegg: Utdanningsinstitusjon: HØGSKULEN I VOLDA

Overordna spørsmål som skal besvarast heilt kort og konsist, jf. den strategiske delen av Rapport og planar (2011-2012)

1. Kor mange studieplassar kan institusjonen auke med frå dagens nivå fram mot hausten 2012, gitt 60/40 finansiering frå departementet, men innanfor dagens rammevilkår og infrastruktur?

Svar spm 1: HVO kan auke talet på studieplassar med rundt 150 heiltidsplassar.

2. Kva for begrensande faktorar vil særleg kunne hindre vekst (kan spesifiserast på utdanningsprogram ved behov)?

Svar spm 2: Infrastruktur og kapasiteten på areal

3. Er det særskilde studieprogram som institusjonen ønskjer å prioritere strategisk eller for å reindyrke ein fagleg profil?

Svar spm 3: I samsvar med strategiplanen vil HVO prioritere mediefaga i tillegg til lærarutdanningane og helse- og sosialfaga.

4. Er det særskilde studieprogram som institusjonen ønskjer å byggje ned eller avvikle av same grunn?

Svar spm 4: Etter revisjon av studietilbod i 2008 har vi avvikla nokre mindre studieprogram og emne.

	Opptak 2010 (tal studentar)	Planlagt opptak 2011(tal studie-plassar)	Mogleg auke i talet på studieplassar til	
			haust 2011?	Ca. tal plassar
Tal	Tal plassar	Ca. tal plassar	Mogleg auke i talet på studieplassar til haust 2012?	Ca. tal plassar
Helse- og sosialfag	151	127	0	30
Samla	52	50	0	10
av dette Barnevernpedagog ¹⁾	72	47	0	10
Sosionom	27	30	0	10
Master i helse- og sosial	189	245	0	85
Lærarutdanning	51	40	0	10
Samla	57	120	0	10
av dette Grunnskolelærer - steg 5-10 ²⁾	0	25	0	25
Førskolelærarutdanning ³⁾	60	30	0	20
Kulturpedagogutdanning ⁴⁾	21	30	0	20
Praktisk-pedagogisk utdanning	104	82	0	40
Master i spesialpedagogikk/lærar ⁵⁾	12	8	0	10
Samla	42	34	0	10
av dette Animasjonsutdanning ⁶⁾	0	10	0	10
Bachelor media, IKT og design	50	30	0	10
Mediefag/dokumentar/masterutdanning ⁷⁾				
Master samfunnsplanlegging og leiling ⁸⁾				

Kommentar:

- 1⁾ Innanfor barnevernet er det stort behov for kompetanse. Vi planlegger eit deltidstudium for å nå nye målgrupper.
- 2⁾ Når det gjeld grunnskulelærarutdanninga er det stort behov for å utdanne fleire i 1-7. Her har vi hittil ikkje fylt opp plassane. Høgskulen i Volda startar no planlegginga av ei deltidstudanning for grunnskulelærar 1-7 med sikte på opptak hausten 2012. Utdanninga skal driftast med utgangspunkt i modellen som er utvikla i UH-nett Vest/i samarbeid med institusjonane i UH-nett Vest. Vi søkjer om fleire studieplassar til GLU.
- 3⁾ 60 studieplassar planlagt i 2011 er knytt til arbeidsplassbasert førskulelærarutdanning.
- 4⁾ Kulturpedagogutdanninga vil vere eit viktig bidrag til å nå målet i kulturskuleløftet.
- 5⁾ Utvikling av lærarmaster er viktig å for at HVO kan vere attraktiv i konkurransen om lærarstudentane. Utviklinga vil skje i samarbeid med UH-nett Vest.
- 6⁾ Animasjonsutdanninga har svært mange søkjarar pr studieplass. Det er godt grunnlag for å auke kapasiteten noko, og vi ønskjer i tillegg å utvikle emne innan industrianimasjon i samarbeid med Høgskolen i Ålesund gjennom Mørealliansen.
- 7⁾ Vi har god søknad til mediefaga, NOKUT stadfester at vi har god studiekvalitet, og vi utdannar til eit breidt og internasjonalt yrkesfelt. Dokumentarstudiet er har vore eit eitt-årig påbyggingsstudie som kunne innpassast i masterutdanninga i film på NTNU. Målgruppa er studentar som frå før har ein bachelorgrad i journalistikk. Vi tok ikkje opp studentar hausten 2010 på grunn av at vi har brukt ressursane på å leggje om studiet til eit to-årig tilbod for å kunne tilby ein master. Dette har vore eit ønske frå tidlegare studentar i fleire år. Vi legg opp til ein praktisk master for at uteksaminerte studentar skal kunne stå ennå sterkare når dei er ferdige. Det vil vere mogleg for dei som har gjennomført eit ett-årig løp frå før å søkje om innpass for å ta siste året. Studiet har god søknad, og auka basisløyving vil gje grunnlag for å auke kapasiteten.
- 8⁾ Master i samfunnsplanlegging kan styrkast ved at vi legg til rette for innpassing for fleire av BA-utdanningane våre. I første rekkje tenkjer vi på studentane frå sosialfagutdanningane og frå PR og kommunikasjon som har interesse for dette.